



ÅRSMELDING 2025

FolkOrg - organisasjon for  
folkemusikk og folkedans

ÅRSMELDING FOLKORG 2025	SIDE
FolkOrgs arbeid i 2025	4
Barn og unge	4
Lagsutvikling	9
Arrangørutvikling	10
Utøvarutvikling	11
Kulturpolitisk arbeid	14
Kappleikar og festivalar	16
Informasjonsarbeid	20
Folkemusikk og folkemusikk.no	21
Året i tal	24
Nytt heidersmedlem i FolkOrg	28
Om FolkOrg	28
Særskilde satsingar for 2025-2027	32
Vedlegg	35



**Framsidedeilete:** Silje Hålien frå forestillinga Óme under Folkelarm 2025

**Foto framside:** Thor Hauknes

**Fotografer:** Thomas Westling, Flora Wiederkehr, Runhild Heggem, Margrete Nordmoen, Sanne Løkke, Isa Holmgren, Thor Hauknes, Liv Annette Nygjerdet, Live Visdal, Sigrun Drivdal Johnsen/Danseinformasjonen

**Formgjeving:** Aslak Brimi

**Post- og besøksadresse:**

FolkOrg  
Møllergata 39  
0179 Oslo

**Nett:** [www.folkorg.no](http://www.folkorg.no)

**E-post:** [post@folkorg.no](mailto:post@folkorg.no)

**Tlf.:** 22 00 56 22

– Du veit kvar du er, når du veit kvar du har fare.

Så svara Brita Bratland brorson sin Sondre, ein gong dei var i fjellet og gutungen lura på kvar dei var.

Utsegna passar også i vår samanheng, når me no er halvvegs i denne styrebolken. Kvar er me, og kvar har me fare? Det skal denne årsmeldinga fortelje noko om. Og så skal ho, saman med 2026-årsmeldinga, gje landsmøtet 2027 eit grunnlag for å peike ut vegen vidare.

Les derfor denne meldinga nøye. Den skal fortelje om korleis styret har følgd planane og bruka dei avsette pengane som landsmøtet har gjort vedtak om. Planar og budsjett er ikkje eksakte storleikar, og ting dukkar opp undervegs. Men i det store og heile skal retninga og områda landsmøtet har peika ut følgjast.

Styret skal skjøtte og støtte ein grunnorganisasjon som blir driven av medlemar på fritid, og medlemar i eit yrkesaktivt felt der våre søner og døtrer prøvar å leva av folkemusikk og folkedans. Dette skjer ikkje utan at somme i fritidsdelen av organisasjonen vår kjenner på ein avstand og ei lita framandgjerig andsynes dei profesjoniserte sceneuttrykka som veks fram. Men det var Landslaget for spelemenn, Norsk folkemusikk- og danselag og FolkOrg som gjekk i bresjen for å få til folkemusikkutdanningar på høgskule- og universitetsnivå. Resultatet har vore kull på kull av kreativ ungdom som nyttar spel- og dansegleda i skaping av nye folkemusikalske sceneuttrykk. Dette skal FolkOrg applaudere. Så må også respekten for grunnfjellet og det folkemusikalske kjeldevatnet bli halden i hevd hos yrkesutøvarane, og respekten for det solistiske uttrykket. Styret vil gjere sitt beste for at balansen mellom fritidsutøvarane og fulltids-/deltidsutøvarane våre blir betre, og at forståinga for kvarandre og heilskapen i føremålet for FolkOrg blir endå betre.

Så skuldar me Barne- ungdoms- og familiedirektoratet ei orsaking for at me har forsømt dei så alt for lenge. Men i 2025 fekk me etter søknad eit oppstarttilskot for barne- og ungdomsarbeidet vårt

som me eigentleg skulle ha søkt om for lenge sidan. Her fortener vår daglege leiari ein særleg takk for å ha sparka prosessen i gang, og for eit godt resultat. Med økonomi til å halde oss med ein eigen barne- og ungdomsansvarleg på kontoret har me også vore betre i stand til å følgje opp det viktige arbeidet med våre yngre på ein meir systematisk måte.

Styret er også nøgd med å ha fått inn eit tillegg på 1 million kroner i grunnløyvinga frå staten i meldingsåret, etter å ha arbeidd mot dette målet i to år. Dette gjer oss i stand til å sette inn fleire krefter for å yte endå meir støtte og hjelp til landskappleik- og landsfestivaltilskiparane våre. Dette var og er ei stor oppmuntring, – og takk og ære til alle gode hjelparar som var med og fekk til dette merkbare økonomiske løftet saman med oss.

Så – les nøye. Sjølv om denne meldinga blir godkjent av styret på vegner av landsmøtet, er det viktig at ho blir kommentert saman med neste års melding når me møtest att i 2027.

Med beste helsing

Kristian Hanto  
Styreleiar i FolkOrg



# 2025 – EIT ÅR MED STOR AKTIVITET OG STORE ARRANGEMENT!

FolkOrg arbeider etter dei planane som Landsmøtet set annakvart år. Styret og AU avgjer kva satsingar og prosjekt som skal fokuserast på gjennom året. På landsmøtet i 2025 vart det vedteke ny langtidspan og nye særskilte satsingar for 2025-2027. Desse dokumenta er dei viktigaste arbeidsdokumenta organisasjonen skal arbeide etter.

I dei særskilte satsingane for 2025-2027 har vi tre hovudpunkt:

- Medlemar og medlemslag skal ha gode arbeids-

vilkår for arbeid med folkemusikk og folkedans.

- Arrangørar og utøvarar skal ha gode arbeidsvilkår for sitt arbeid med folkemusikk og folkedans.
- FolkOrg skal synleggjere Folkemusikk og folkedans gjennom samarbeid og kulturpolitisk arbeid.

Gjennom dei neste delkapitla presenterer vi noko av det organisasjonen har arbeidd med i meldingsåret.

## BARN OG UNGE

FolkOrg har ein eigen rådgjevar som har ansvaret for å arbeide for barn og unge i organisasjonen. Veldig mange av FolkOrg sine lokallag har prosjekt og drift som involverer barn og unge, og vi ser at rådgjevaren vår er ein aktiv rettleiar for mange prosjekt og opplegg i lokallaga. Frå og med 2025 får FolkOrg eit grunntilskot frå BufDir grunna mange medlemmar under 26 år.

I alle FolkOrgs arrangement er det opplegg for barn og unge. Noko av det vi er stoltast av er nettopp det at miljøet femner på tvers av generasjonar. Arrangementa våre er møteplassar for folkemusikk- og folkedansinteresserte i alle aldrar. Vi legg dessutan opp til eigne møteplassar for lokallag som arbeider med barn og unge.

Både på Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk er det juniorklasser for barn mellom 12 og 18 år. Dei som er mellom 4 og 12, er med på sjokoladekappleik, der det ikkje er døming. Under Landskappleiken i Eidfjord 2025 vart det arrangert barnekappleik over tre dagar, med stor oppslutning. Også mange av lokallaga har barnekappleikar og arrangement for ungar på ulike stemne og lokalkappleikar gjennom året.

### FolkLeiarUng

FolkOrg har sidan 2021 drive prosjektet FolkleiarUng. Dette rettar seg mot musikarar og dansarar

i alderen 15–25 år som ønskjer å utforske rolla som leiar og pedagog. Prosjektet tek sikte på å gje deltakarane utvikling innan folkemusikk og folkedans over to samlingshelgar i året. Instruktørane har vore Vegar Vårdal og Kristoffer Kleiveland på musikk, og Anna Gjendem og Ina Maria Cyrus på dans.

Prosjektet er meint å vere eit bidrag til laga, slik at dei eldre ungdomane får eit tilbod som kan auke motivasjonen til å halde fram med speling, synginga, dansinga og aktiviteten der. Instruktørane følgjer opp både deltakarar og dei tilhøyrande laga mellom samlingane.

I prosjektåret 2024/2025 var det med 15 deltakarar, 5 på musikk og 10 på dans. Deltakarane kom frå ni ulike lag frå Bodø i nord til Kristiansand i sør. Deltakarane på musikk var fordelte på instrumenta fele og klarinett. Vårsamlinga i 2025 var på Rauland.

I prosjektåret 2025/2026 var det med 18 deltakarar, 9 på musikk og 9 på dans. Deltakarane kom frå 12 ulike lag frå Bodø i nord til Setesdal i sør. Deltakarane på musikk var fordelte på instrumenta fele, hardingfele, toradar og klarinett. Haustsamlinga i 2025 var på Voss under Osafestivalen.

Prosjektet er eit samarbeid med Noregs Ungdomslag, og er finansiert med pengegåve frå Dextra Musica.

## Nytt kompetansehefte

«Leiar i laget» er eit kompetansehefte basert på undervisningsopplegg som er utvikla gjennom prosjektet FolkleiarUng. Heftet gjev innsikt i didaktiske perspektiv, i tillegg til konkrete og praktiske undervisningsopplegg i folkemusikk.

Gjennom denne utgjevinga blir verktøya gjorde tilgjengelege for eit breiare publikum, og skal vere til inspirasjon for unge leiarar, pedagogar, instruktørar og lag som ønskjer å engasjere ungdom og unge vaksne i arbeidet sitt.

Heftet er skriva av instruktørane i FolkleiarUng, Vegar Vårdal og Kristoffer Kleiveland. Design og utforming er gjort av KulFilm ved Mette Vårdal. Utgjevinga er finansiert med støtte frå Sparebankstiftelsen DNB ved Dextra Musica og Norsk senter for folkemusikk og folkedans.

Heftet blei sendt ut til alle lokallag i FolkOrg i desember. Det er mogleg å bestille fysiske eksemplar for alle medlemmar i FolkOrg, og det blir arbeidd med å leggje ut ein digital versjon på nettsidene til FolkOrg.

## FolkelarmUng

På Folkelarm vart det for andre gong gjennomført ein heil dag med program for barnefamiljar søndag. Det var tre framsyningar, og aktivitetar for stor og små med songleik med UFO (Unge folkemusikere i Oslo), FolkelarmUng-scene med Spelemannslaget Laust og Fast, og animasjonsverkstad med Mette Vårdal. Alle aktivitetane var gratis og opne for alle. I tillegg var det eit fagseminar på morgonen med tema: Hvordan lage gode konsert- og festivalprogram for barn?

FolkelarmUng var eit samarbeid med Samspill og LilleRIKSEN, med stønad frå Sparebankstiftelsen DNB. Det var godt frammøte og fulle salar på alle framsyningane.

## Rekrutteringsseminar

FolkOrg har sidan 2017 motteke stønad frå Dextra Musica til rekrutteringsprosjekt og rekrutteringsarbeid innanfor folkemusikk og folkedans. Desse midlane vart i dei første åra delte ut til ulike rekrutteringsprosjekt, og har sidan 2021 også inkludert FolkOrg sitt eige prosjekt FolkleiarUng. I tillegg til desse to satsingsområda arrangerer FolkOrg to rekrutteringsseminar i halvåret, eitt fysisk og eitt digitalt.

Heftet "Leiar i laget" er utarbeidd av Vegar Vårdal og Kristoffer Kleiveland. Utgjevinga vart til i samarbeid med Kultivator.


Desse seminara er meinte som ein møteplass for alle som driv med rekrutteringsarbeid i FolkOrg, og er opne for alle. Representantar frå rekrutteringsprosjekta blir spesielt inviterte til seminara.

Under Folkelarm i november vart det arrangert fysisk rekrutteringsseminar. Her var det presentasjonar frå to ulike prosjekt som fekk rekrutteringsmidlar frå Dextra Musica i 2025. Prosjekta var Dansen i Berget det Blå ved Olemic Thommessen, og Spelemannslaget Laust & Fast ved Sturla Eide. Juniorar frå laget var med og spelte på seminaret, til stor glede for dei frammøtte. Seminaret vart opna med lansering av kompetansehefte «Leiar i laget». Det var god oppslutning på seminaret, både av representantar frå dei ulike rekrutteringsprosjekta og av andre som arbeider for, eller er interesserte i, rekruttering innanfor folkemusikk og folkedans.

## Arbeidsgruppe med fokus på barn og unge

Vinteren 2025 jobba ei arbeidsgruppe med å sjå på korleis arrangementa våre skal vere best mogleg for barn og unge. Dei arbeidde etter følgjande mandat:

*Arbeidsgruppa skal finne og drøfte konkrete problemstillingar angående LK og LF i ljøs av eit styrka fokus på barn, ungdom og unge vaksne og med eit blikk fram i tid. Kva er viktig i programmet og gjennomføringa av LK og LF for at barn, ungdom og unge vaksne i enda større grad skal ha desse arrangementa som viktige og naturlege møteplassar i løpet av året? Korleis skal LK og LF klare å foredle og utvikle seg som arrangement der det å vere ein møteplass på tvers av generasjonar framleis står i høgsetet?.*





Frå FolkelarmUng 2025 og forestillinga Platt planet med Gard Nergaard og Alvina Rygne.

Arbeidet resulterte i eit stort innspelsdokument som vart overlevert til FolkOrg sitt styre på landsmøtet 2025. Dette notatet er eit resultat av systematisering og prioriteringar blant alle innspel som har kome, og inneheld dei punkta som arbeidsgruppa meiner er dei mest sentrale og viktige satsingsområda. Arbeidsgruppa kom mellom anna fram til tre hovudpunkt:

- *Dansen må ha høg prioritet og vere ein heilt sentral del av kveldsarrangementa.*
- *Skap konkrete møteplassar for rekruttering, inkludering og sosialisering for ulike målgrupper.*
- *Legg strammare rammer og føringar frå FolkOrg.*

Arbeidsgruppa var Kari Nilssen (leiar), Frode Rolandsgard, Ingvild Kleiveland Vevle, Vilde Westeng og Magnhild Moen Helland. Sina Myhr frå FolkOrg hadde rolla som skrivar. Heile notatet ligg ute på FolkOrg sine heimesider.

### Fagutval for arbeid med barn og unge

Barn og unge er ei veksande medlemsmasse i organisasjonen. På landsmøte i 2025 vart det vedteke at FolkOrg skal ha eit fagutval for arbeid med barn og unge i organisasjonen. Dette skal bestå av fem personar, der to er frå styret, samt tre medlemmar som styret peikar ut, der to av desse skal vere under 26 år. FolkOrg ønskjer ein open og god dialog med dei unge i organisasjonen, og i fagutvalet skal det sitte gode representantar for desse.

Fagutvalet skal vere til stades på ulike arrangement i FolkOrgs regi, og på denne måten vere tilgjengelege for innspel og dialog med barn og unge i organisasjonen. Desse sit i fagutvalet 2025- 2027: Thomas Nilssen (representant frå styret), Amalie Kinsarvik Tvilde (representant frå styret), Ingvild Kleiveland Vevle, Laura Godø Slørdal og Magnhild Moen Helland. Fagutvalet har hausten 2025 hatt to digitale møte.

### De unges musikkting

Norsk Musikkråd (NMR) og Musikkens Studieforbund arrangerte De Unges Musikkting i samband med Musikktinget til NMR, som vart arrangert i Kristiansand 13.–15. juni. FolkOrg hadde tre deltakarar med på arrangementet.

Arrangementet gav ungdom mellom 15 og 22 år høve til å lære meir om korleis dei kan påverke og vere med på å utvikle musikklivet i Noreg. Kurshelga bestod av fleire kurs som sette søkjelys på kor viktig det er å ta plass og engasjere seg som tillitsvald. Deltakarane fekk òg opplæring i argumentasjonsteknikk og andre verktøy for påverknad.

I tillegg vart det arrangert musikkverkstad og sosiale aktivitetar som la til rette for nettverksbygging og erfaringsutveksling.

Totalt deltok 19 ungdomar frå medlemsorganisasjonane til NMR. FolkOrg var representert ved Emma Sandseter-Selen, Laura Godø Slørdal og Lars Garman Skaret.

## Grafisk profil for barn og unge i FolkOrg

Gjennom 2025 vart det arbeidd med ein ny grafisk profil for barn og unge i organisasjonen. Ein liten maskot blir det også - retta mot dei ynskte i organisasjonen.

Profilen er tenkt å brukast på barn- og ungdomsarangementa under Landskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk og på Folkelarm, og for lokale arrangement der lokallaget ønskjer å bruke det. Grafisk designar i prosjektet var Trine Berg. Maskoten og den grafiske profilen vil bli fullt lansert sommaren 2026.

## Tilskot til barne- og ungdomsarbeid

FolkOrg forvaltar fleire ulike tilskotsordningar som medlemmane kan søkje på. Nokre av desse er spesielt retta mot barn og unge. Ordningane for momskompensasjon (frå Lotteri- og stiftelsestilsynet) og FolkOrgs Aktivitetstilskot er ordningar som gjev tilskot til søkjarar og tiltak uavhengig av alder. Delar av midlane som blir delte ut innanfor desse ordningane, går til tiltak retta mot barn og ungdom under 26 år, men det blir også delt ut til tiltak og aktivitetar utan spesifiserte aldersgrupper.

Fleire av tilskotsordningane FolkOrg forvaltar, er spesielt retta mot tiltak og aktivitetar for barn og ungdom under 26 år. *Alle tildelingslistene ligg som vedlegg bakerst i årsmeldinga.*

## Frifond organisasjon

Gjennom Frifond Organisasjon fekk FolkOrg i 2025 tilsegn om 772 800 kroner for utdeling til lokallaga. Frifond organisasjon er ei støtteordning som blir forvalta av Norsk Musikkråd på vegne av Kulturde-

partementet, og midlane går til arbeid blant barn og unge under 26. Det er mange lokallag som har både små og store prosjekt knytt til barn og unge. Det kom inn 42 søknadar i 2025, og 41 søkjarar fekk innvilga stønad om driftstilskot og 32 søkjarar fekk innvilga søknad om prosjektstønad.

På grunn av overskytande midlar frå kompensasjonsordninga for juniordeltaking under Landskappleiken og Landsfestivalen, var prosjektpotten ekstra stor. Totalt vart det delt ut kr. 488 125 til driftstilskot og kr. 354 255 til prosjekttilskot.

## Rekrutteringsprosjekt gjennom DEXTRA

FolkOrg har sidan 2017 fått midlar frå Dextra Musica til å stø opp om større rekrutteringsprosjekt innanfor folkemusikk og folkedans i Noreg. Eit av hovudmåla med denne støtteordninga er å hjelpe i gang solide rekrutteringsprosjekt som fører til varige tilbod. Prosjekta som får tildelt midlar, må derfor ha ein tydeleg intensjon om langvarig aktivitet og ein plan for vidare drift etter at støtta frå FolkOrg og Dextra Musica er avslutta. Sommaren 2023 fekk FolkOrg tildeling for tre nye år frå Dextra Musica for perioden 2024–2026. I 2025 kom det inn 27 søknadar, og FolkOrg vedtok å tildele midlar til 15 rekrutteringsprosjekt.

## Særskilte midlar til auke deltaking

I 2025 mottok FolkOrg 266 200 kr frå Kultur- og likestillingsdepartementet, gjennom Norsk Musikkråd, som eit eingongstilskot for tiltak som har som mål å auke deltakinga. Midlane skal kome lokallaga til gode ved å senke terskelen for deltaking av barn og unge, og såleis skape god rekruttering i folkemusikk- og dansemiljøet.

Som i 2025 valde FolkOrg å dele opp midlane i to ordningar der lokallaga kunne søkje om kompensasjon for deltakaravgift og reiseutgifter for juniorar og C-klassingar på Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk.

I søknadsrunden kom det inn 21 søknadar om kompensasjon for deltakaravgift for 122 juniorar på LK (totalt 124 000 kr), og fem søknadar om kompensasjon for deltakaravgift for 31 juniorar på LF (totalt 34 000 kr). Alle søknadene fekk innvilga stønad. Den resterande summen vart overført til prosjektmidlar-ordninga i Frifond organisasjon.

Lars G. Skaret, Emma Sandseter-Selen og Laurda Godø Slørdal deltok på De unges musikkting.



# GNISTPRISEN

## Bergen Ungdomslag Ervingen

Vinnar av Gnistprisen 2025 er Bergen Ungdomslag Ervingen. Dei har klart å bygge opp eit levande og solid folkedanstilbod der inkluderande fellesskap står i sentrum, og er ein sær s synleg aktør innan folkemusikk og folkedans i Bergen. Laget har lenge hatt fokus på rekrutteringsarbeid og inkludering av barn og unge. Dette kjem fram gjennom laget sitt høge aktivitetsnivå gjennom året, der barn og unge har moglegeheit til å delta på fleire dansekurs og sosiale aktivitetar. Mange nye dansarar har teke vegen til laget, som har gjort at laget har opplevd ei medlemsauke.

Dei arrangerer Ungdomsklubben Floke, der barn og unge får oppleve folkedans og folkemusikk i eit levande og vitalt miljø. Styret i klubben består av fleire barn og unge, som sjølv er med og drifrar klubben gjennom blant anna programmering av konsertar og framsyningar. Dette skapar eigarskap hjå ungdomane, som gjer at dei sjølv blir aktive formidlarar av folkedans til nye medlemar.

Gnistprisen vart oppretta våren 2017 og er ein pris som blir delt ut til eit lag som driv med opplæring



i folkedans for barn og unge. Det er Gnistfonden som gjev prisen på 15 000 kr, og han blir delt ut årleg i samband med Landskappleiken. Formålet med prisen er å stø lag som jobbar medvite med å skape eit godt og inkluderande læringsmiljø blant barn og unge som dansar folkedans.

Årets jury var Audun Grüner-Hegge, Tove Solheim og Helga Møller Berg.

**Tidlegare vinnarar av Gnist-prisen:** 2017: Hugnad Ungdomslag, 2018: Gransherad Spel- og dansarlag, 2019: FolkemusikkUNG, 2020: Leikarringen i BUL Oslo, 2021: Ikkje delt ut, 2022: Spelemannslaget Fjelljom, 2023: Fuglen (Ryfylkemuseet), 2024: Gaular spelemannslag.

# Hels på Tusti



Tusti er den snille, litt sjenerte vennen vår som helst gøymer seg bak ein grastust når det blir mykje folk. Men pass på... for med ein gong musikken startar, vaknar Tusti til liv!

Med blide auge og lodden pels kan Tusti danse dei artigaste dansane og spele den tøffaste dansemusikken – og armane og beina blir ekstra lange når rytmen tek over. Ingen klarar å sitje i ro når Tusti set i gong!



## LAGSUTVIKLING

Det er kontinuerleg vorte sendt ut informasjon til lokallaga og tillitsvalde om aktuelle saker, hendingar, støtteordningar og søknadsfristar til lokallag og områdelag i form av e-post, innlegg på Facebook og artiklar på heimesida.

### Besøk i lokallag og områdelag

FolkOrg har arbeidd for å ha tettare dialog med medlemslaga våre, og har hatt som mål om å invitere til samlande møteplassar i regionane gjennom året. I oktober besøkte FolkOrg Voss under Osafestivalen, og inviterte til møte med Hordaland folkemusikklag med tilhøyrande lokallag. Der møtte representantar frå seks lokallag, og det vart eit godt møte som tok for seg stoda i laga og innspel om korleis sentralledet kan stø opp om arbeidet lokalt og regionalt. Det var også besøk i Telemark og Hallingdal.

Normalt blir fleire av årsmøta i områdelaga lagde til regionale kappleikar og liknande arrangement, noko som gjer at ein òg får høve til å treffe mange representantar frå dei ulike lokallaga. Nokre av årsmøta i områdelaga har vorte gjennomførte digitalt, mens andre har vorte gjennomførte fysisk.

I meldingsåret var FolkOrg til stades på sju av ti årsmøte i områdelaga. Fire møte vart gjennomført fysisk, og tre møter vart gjennomførte digitalt.

### Samling og seminar på landsmøtet 2025

I samband med landsmøtehelga i april vart det gjennomført fysisk møte for alle områdelag på Bygdelagssamskipnaden. Det møtte representantar frå sju av ti områdelag. Bjarne Braastad frå SAFFA og Nikolai Storevik frå Sogn og Fjordane folkemusikklag delte erfaringar frå arbeid i sine områdelag.

Det vart gode samtalar og diskusjonar om områdelaga si rolle, og nyttige innspel til sentralledet om vidare arbeid.

Før landsmøte tok til laurdag, vart det gjennomført lokallagsseminar med fokus på stønadsordningar. Christin Sund frå Norsk Musikkråd og Birgit Haukås frå Norsk senter for folkemusikk og folkedans fortalde om søknadsskriving og rapportering i tillegg til presentasjon av organisasjonane sine stønadsordningar. Live Visdal frå administrasjonen i FolkOrg, presenterte aktuelle stønadsordningar for lokallag og områdelag i FolkOrg.

### Tilskot til lagsarbeid

FolkOrg forvaltar fleire ulike tilskotsordningar som medlemmane kan søkje på. Ordningane for momskompensasjon og FolkOrgs Aktivitetstilskot er ordningar som gjev tilskot til søkjarar og tiltak uavhengig av alder. Ei anna ordning er vaksenopplæringsmidlar gjennom Musikkens studieforbund. Tildeingslister ligg som vedlegg bakerst i årsmeldinga.

### Momskompensasjon

Lokallag, områdelag, arrangørmedlemmer og aksjeselskap kan søkje momskompensasjon gjennom FolkOrg, og i 2025 fekk FolkOrg 69 søknader til ordninga. FolkOrg fekk da ein samla sum til fordeling på 1 756 568 kr. Sentralledet fekk 771 036 kr.

### Aktivitetstilskot

Enkeltmedlemer, lokallag, områdelag og arrangørmedlemmar kan søkje på ordninga til lokale folkemusikk- og folkedansaktiviteter som har fokus på aktivitet, rekruttering og/eller opplæring. I 2025 var rama for ordninga 200 000 kr. Total søkesum var i 2025 på 757 450 kr og vart fordelt til 26 prosjekt.

Sør Fron Spelmannslag under tevlinga på Landsfestivalen i gammaldansmusikk i Oppdal august 2025.



## ARRANGØRUTVIKLING

Vi har hatt kontakt, både fysisk og pr. telefon og e-post, med mange av folkemusikkarrangørane i organisasjonen. Ved utgangen av 2025 hadde FolkOrg 14 formelle arrangørmedlemar.

### Nettverk og nettverksamling

Folkelarm skal vere eit viktig møtepunkt for arrangørane på folkemusikk- og folkedansfeltet. Saman med Norske kulturarrangører har vi fleire gonger nå hatt ei eige arrangørsamling, eit såkalla rundbordsmøte, der arrangørane delar erfaringar. Rundbordsmøtet er moderert av NKA og arrangørane sender inn tema i forkant av seminaret. På vår faste nettverkssamling for arrangørane tek vi opp tema som gjeld spesifikt for våre medlemar. Nettverkssamlinga er ein stad der dei kan spele inn kva som er viktig for dei som medlemar til sentralledet.

### Arrangørforum

FolkOrg er ein av samarbeidspartane i Arrangørforum, eit forum som diskuterer situasjonen for norske kulturarrangører. Dei andre partane er Norsk jazzforum, Norske Konsertarrangører, Norsk Viseforum, Norsk Bluesunion, Klassisk, nyMusikk og Norske kulturhus, alle organisasjonar som har arrangører som medlemar. Arrangørforum hadde fem møter i 2025.

Arrangørforum arrangerte ein eigen debatt under Arendalsuka, "Musikkpolitikk i endring: Hvordan skape utvikling og rettferdig fordeling?". Forumet arrangerte også ein kulturdebatt etter framlegg av statsbudsjettet i oktober på Gamle Raadhus med kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery og statssekretær Trude Storheim til stades. Arrangørforum samarbeidde også om høyringsinnspillet om ny kulturlov i desember.

# ÅRETS ARRANGØR

## Gorrlaus

FolkOrg har over fleire år delt ut prisen Årets Arrangør. Målet har vore å synleggjere godt arrangørarbeid og heidre dei beste arrangørane. Samstundes skal prisen stimulere til dialog, idéutveksling og utvikling på arrangørfeltet. Prisen er ein del av Folkelarmprisen, og det er styret i FolkOrg som er jury for denne. Folkelarmprisen 2025 Årets Arrangør gjekk til Gorrlaus i Stavanger. Juryens grunngjeving går som følgjer:

*Kva skal til for å skape ei levande folkemusikkscene der det eigentleg ikkje finst noko frå før? Det krev mot, uthald – og ei urokkeleg tru på at musikken fortener ein plass i byens kulturliv.*

*På berre nokre få år har Gorrlaus bygd opp ein konsertserie som har vorte eit lysande samlingspunkt for folkemusikken i ein region der sjangeren tidlegare hadde liten plass. Publikum møter opp – og lyttar. Til solokonsertar, til tonale utforskingar, til utøvarar som vågar å gå i djupna. Fullt hus, gong på gong.*

*Dette er ikkje berre ein konsertserie, men eit stadig voksende kulturprosjekt. Nye format og idear spring fram: formiddagskonsertar, barnearrangement, musikkprat og dansespel som held fram etter konsertane. Prosjektet samarbeider på kryss og tvers i byen – med kulturhus, kyrkjer, botanisk hage og arkivmiljø – og inviterer inn lokale aktørar på ein inkluderande og inspirerande måte.*

*For alle oss som er glade i folkemusikken, har denne satsinga vore som ei gåvepakke: Ho har skapt nytt publikum, trekt til seg unge lyttarar og inspirert nye utøvarar både innan spel og dans.*

*Årets pris går til ei drivande kraft og eit heilt miljø, til ein konsertserie som på rekordtid har etablert seg som ein sentral arena for folkemusikk i Stavanger.*

Gorllausscena i Stavanger har vorte eit fenomen, og trekkjer stadig nytt publikum. Her frå konsert med Per Anders Buen Garnås og Alexander Aga Røystrand.



## UTØVARUTVIKLING

Det har vore lagt vekt på målretta kompetanseheving, samt jamn formidling av informasjon om relevante kurs, søknadsfristar og sentrale kulturpolitiske saker. Vidare har me arbeidd for å etablera fleire møteplassar for yrkesaktive tradisjonsutøvarar, og for å leggja til rette for kompetanseutvikling, miljøbygging og erfaringsutveksling.

### Gruppa for yrkesutøvarar

Utøvarar kan melda seg inn i gruppa for yrkesutøvarar i tillegg til å vere ordinære medlemmer i FolkOrg. Med yrkesutøvar meiner ein personar som har inntekt frå folkemusikk og/eller folkedans. Dette omfattar både utøvande musikarar og dansarar, pedagogar innan feltet og instrumentmakarar. Per 31.12.2025 var det registrert 364 yrkesutøvarar i FolkOrg, ein auke på 36 frå 2024. I løpet av 2025 vart det gjennomført fire digitale møte for yrkesutøvarane, og dessutan fem fysiske og uformelle treff i samband med landsmøtet, landskappleiken, landsfestivalen og Folkelarm.

I 2025 vart det òg arrangert ein felles kontordag på Riksscenen i samband med festivalen Dans dans, i tillegg til tre kontordagar i FolkOrgs egne lokale i Møllergata 39.

Administrasjonen kommuniserer med yrkesutøvarmedlemmene primært gjennom infobrev på e-post og Facebook-gruppa «Yrkesutøver FolkOrg», i tillegg til dialog på fysiske møteplassar og i digitale møte. I 2025 vart det sendt ut ti infobrev til gruppa med relevant informasjon.

### Fagutvalet for yrkesutøvarar

Fagutvalet for yrkesutøvarar er eit rådgjevande organ for styret i FolkOrg. Samansetjing og valordning er regulerte gjennom vedtektene. Utvalet skal kome med innspel og idear til organisasjonen sitt arbeid, og har ei særleg koordinerande rolle for yrkesutøvargruppa i FolkOrg.

På landsmøtet i FolkOrg i 2025 vart det vedteke at organisasjonen skal ha eit fagutval for yrkesutøvarar, og at det skal bestå av fem personar, der to er yrkesutøvarrepresentantane i styret. Utvalet skal handsame saker som vedgår yrkesutøvarane, og gje råd til styret i slike saker. Utvalet har hatt sju møte i 2025, der fire vart haldne etter landsmøtet, i tillegg til eitt dialogmøte med styret og eitt dialogmøte med dansefeltet.

Fagutvalet for yrkesutøvarar har i 2025 hatt særleg merksemd på å styrkje fagmiljø, fellesskap og profesjonalisering blant yrkesutøvarane i FolkOrg. Utvalet har arbeidd målretta med å utvikle og gjennomføre digitale fagmøte med relevant innhald knytt til søknadsfristar, kunstnarstipend, fagorganisering og bransjeforståing, og har lagt til rette for erfaringsdeling og kollegastøtte.

Utvalet har hatt eit tydeleg mål om å vere synleg og tilgjengeleg for yrkesutøvargruppa i FolkOrg, og har vore representert på alle fysiske treff, kontordagar og digitale yrkesutøvarsamlingar. Fagutvalet var òg til stades under heile Folkelarm, der dei bidrog med programleiing, paneldeltaking og ordstyring, vertskap på treff for yrkesutøvargruppa, i tillegg til aktiv deltaking i seminarprogram og bransjetreff.

Fagutvalet har i løpet av året gjennomført fire digitale møte for yrkesutøvarmedlemene i FolkOrg der ein til dømes introduserte organisasjonane NoDa og CREO, ein har gått gjennom historikken for oprettinga av FolkOrg, korleis søke, og eit møte med Kickstart Folkelarm.

Vidare har fagutvalet prioritert etablering av både formelle og uformelle møteplassar, mellom anna gjennom felles kontordagar og sosiale treff i samband med større arrangement som Landsmøtet, Folkelarm, Landskappleiken og Landsfestivalen. Utvalet har vore aktivt involvert i utvikling og evaluering av Folkelarm som bransjearena for yrkesutøvarar, og har gjeve innspel til både seminarprogram, møteplassar og betre inkludering av ulike utøvargrupper.

I tillegg har fagutvalet arbeidd med langsiktige strategiske spørsmål knytte til profesjonalisering, synleggjering av yrkesutøvarar, kunstnarstipend, utdanning og rekruttering, samt dialog med relevante aktørar i og utanfor organisasjonen. Utvalet har i arbeidet sitt hatt ein rådgjevande funksjon overfor styret i aktuelle faglege og kulturpolitiske spørsmål.

### Seminar og møtepunkt under Folkelarm 2025

Under Folkelarm 2026 vart det arrangert frukost for yrkesutøvarar med påfølgjande fagleg innføring i opphavsrett innan dans og koreografi, ved Norske Dansekunstnere. Vidare vart det gjennomført ein sofaprat og panelsamtale om rettar ved bruk

av tradisjonsmateriale (dans og musikk) i nye sceniske produksjonar. Panelet bestod av musikar Tuva Syvertsen, dansar Jon Bugge Mariussen og Norske Dansekunstnere ved Mina Weider, og samtala vart moderert av Camilla Granlien frå fagutvalet. I tillegg vart det arrangert ein felles middag for yrkesutøvarmedlemer, der kulturminister Lubna Jaffery deltok i samtale om kulturpolitiske prioriteringar saman med Silje R. Liahagen, leiar i fagutvalet.

Seminarprogrammet generelt under Folkelarm skal til dømes målrettast yrkesutøvarfeltets behov for kompetanseheving. I 2025 hadde desse programpunkt fokus på yrkesutøving:

Presentasjon av NOUen "Musikklandet", og ein debatt om plassen folkemusikken og folkedansen fekk i utgreiinga.

- Creo "Frilanslivet - fridom eller uvisse?"
- Global North: "Why take the risk? Er kulturell mangfald kun for barn"
- FolkOrg/ NOPA: "Rekande på ei fjøl - om skapande praksisar i spel, song og dans."
- FolkOrg/ Temp: "Touring the Nordics" - ein diskusjon om det er mogleg og positivt å opprette nordiske turnénettverk.
- FolkOrg/ Kultivator: "Do all countries have the same place on the Nordic folk music scene? - ein diskusjon leia av Kultivator, der dei ulike nordiske landas forhold til kva folkemusikk er, og kva slags anerkjennelse dei ulike landa har på den felles nordiske marknaden vart synleggjort og diskutert.
- MØST: "Gjøre sosiale medium som artist og musikar"
- FolkOrg: "Pedagogsamling – med presentasjon av kompetansehefte" (FolkleiarUng)
- FolkOrg: "Rekruttering til folkemusikk og folkedans"
- FolkOrg: "Felles middag og samtale med Kultur – og likestillingsminister Lubna Jaffrey»
- FolkOrg/NU/SFF: "Sørsamiske musikk- og dansetradisjonar – forsoning i praksis?"
- FolkOrg: "Frukostsamling og nettverksmøte for yrkesutøvarar»

- FolkOrg: Marknad&Musikk – minimesse med presentasjonar, mingling, samtalar m.m.
- FolkOrg: "Showcasefestivals - gateways og outdated?" - ein diskusjon om kva slags nytte showcasefestivalar har for utøvarar, og kva som er alternativa.
- FolkOrg: "Korleis skape gode konsert – og festivalprogram for barn?"

### Kontakt via sosiale medium

FolkOrg driv forumet Yrkesutøvere FolkOrg for diskusjon og informasjon på Facebook. Per i dag er det 361 medlemar i denne gruppa. Vi driv òg eit tilsvarende forum for kulturskulelærarar innanfor folkemusikk og folkedans. Her er det per i dag 190 medlemar.

### Womex og Nordic Folk Alliance

FolkOrg samarbeider kvart år med Music Norway om stand på WOMEX, den største folkemusikk- og verdsmusikkmessa i Europa. I år var det Mattias Thedens, som sit i utøvarutvalet, som stilte for FolkOrg i Tampere, Finland.

FolkOrg sit i Nordic Folk Council, som forvaltar Nordic Folk Alliance. Nordic Folk Alliance var i år i Uppsala, og er ein konferanse i lag med showcasing av nordiske artistar. Frå Noreg var det ULD og Bjørn Kåre Odde/Espen Wensaas som hadde showcase, og Ann Helen Erichsen representerte FolkOrg. Fleire andre norske artistar var med i band som representerte dei andre landa.

### Introfolk 2024 - 2028

Introfolk er eit talent- og mentoringsprogram for unge norske og samiske folkemusikarar og folkedansarar. Programmet skal vere eit springbrett for folkemusikkartistar eller folkedanskunstnarar i startgropa av karrieren. Introfolk vart sist gjennomført i 2024, og skal køyrast på ny i 2026 og 2028. Vinnar i 2024, Martin Steinum Brun, har som Årets Unge Folkemusiker 2024 hatt stor konsertverksemd i 2025. Han var på ein lanseringsturne i FolkOrg sitt festival- og arrangørnettverk, der sentralleddet inngjekk intensjonsavtalar på vegner av vinnaren.

# ÅRETS FOLKEMUSIKER 2025

## INGRID LINGAAS FOSSUM



Ingrid Lingaas Fossum har det siste året markert seg som ein framifrå utøvar, formidlar og tradisjonsberar. Vinnaren har vore aktiv både høgt og lågt – på scener, i studio og i møte med publikum i ulike format. I tillegg til sine eigne produksjonar og album har Årets folkemusikar delteke i fleire prosjekt og førestillingar, der ho viser breidde, samarbeidsevne og kunstnarleg nysgjerrigheit. Ho har også vore ein viktig formidlar og undervisar, der ho gjev vidare kunnskap, repertoar og speglede til nye generasjonar.

Med langeleiken i sentrum har ho lyfta fram eit av våre eldste og mest særmerkte instrument, og gjort det med spel av ypparste klasse, ein varm og uttrykksfull song og eit lyttande samspel. I samband med 500-årsjubileet til langeleiken i 2024 har ho lagt ned ein enorm innsats. Ho har oppsøkt, spela på og spela inn musikk på historiske langeleikar frå mange delar av landet. Dette arbeidet har resultert i både konsertar, innspelningar og formidling som set instrumentet i eit nytt lys, samtidig som ho tek vare på og vidarefører ein sterk tradisjon.

Gjennom arbeidet sitt kombinerer ho høgt kunstnarleg nivå med eit brennande engasjement for tradisjonen, og ho har på ein sjeldan måte klart å gjere langeleiken relevant for både noverande og framtidige folkemusikkfelt.

## KULTURPOLITISK ARBEID

Det har vore lagt vekt på målretta kompetanseFolkOrg arbeider aktivt med kulturpolitikk gjennom heile året. Under Landskappleiken i Eidfjord hadde vi besøk av statsråd Lubna Jaffery i lag med statssekretær Trude Storheim. Dagleg leiar i lag med styreleiar Kristian Hanto hadde møte med dei to, og sette særleg fokus på arkivsaka og fond for tradisjonsutøvarar. Statsråden og statssekretæren var også på Folkelarm 2025, der statssekretæren stilte på ei samtale med dagleg leiar der NOUen var tema, og statsråden hadde samtale med leiar av fagutvalet for yrkesutøvarar, Silje Liahagen, der folkedans var tema.

FolkOrg er årleg på fleire møter med Kulturdirektoratet. Vi møtte dei i samband med årleg møtepunkt med Arrangørforum, der FolkOrg presenterte organisasjonens arbeid siste år, og satsingar for neste år. Vi stilte også på møte med fagutvala i kulturfondet, der vi kom med innspel frå FolkOrg om kva som er viktig for vårt felt.

FolkOrg stilte på representantskapsmøtet i Norsk senter for folkemusikk og folkedans (SFF) i oktober. SFF er ein viktig faginstusjon for feltet vårt, særleg når det kjem til arkivfeltet. På møtet tok vi mellom anna opp temaet om at prosjektmidlane må opnast meir opp, og at Dansespor-prosjektet bør evaluerast. I forkant av møtet hadde FolkOrg i lag med Noregs Ungdomslag teke opp med styret i stiftinga eit ønske om at SFF skulle opne seg meir overfor folkemusikkfeltet i arbeidet sitt, og inkludere og forplikte representantskapsmedlemene noko meir enn i gjeldande praksis – til bate for stiftingas føremål.

Dagleg leiar var også til stades på den årlege Kultur-talen med Lubna Jaffery i mars, og stasjonssjefsamlinga i august.

### Ekspportsatsing

Vi har over fleire år hatt godt samarbeid og dialog med Music Norway, mellom anna om ekspportsatsingsprosjekt for folkemusikk. Vi har hatt samarbeid med Utanriksdepartementet om det same. Til dømes Partnarskapsavtalen med Showcase Scotland og EX.TRA. FolkOrg har brukt mykje tid i 2025 på å ha dialog med Music Norway om framtidige prosjekt, og ikkje minst bli kjent med – og presentere norsk folkemusikk – for den nye rådgjevaren på jazz og folkemusikk i Music Norway. Music Norway

arrangerte ein delegattur for dei utanlandske delegatane laurdag under Folkelarm.

### NRK

FolkOrg har eit årleg møte med NRK der målet er dialog om gode løysingar for folkemusikken, mellom anna om korleis ein kan gjere det med opptak frå dei store stemna i løpet av året. NRK vart godt representert på Landskappleiken og gjorde både musikkopptak og reportasjar. NRK fekk også tilgang på opptak frå Landsfestivalen i gammaldansmusikk på Oppdal. FolkOrg har hatt fleire møte med NRK og redaksjonen i NRK Folkemusikk, og kome med idear og innspel om vidare arbeid. Musikkisjef i NRK, Mats Borch Bugge, stilte på Folkelarm for panelsamtale leia av dagleg leiar, Aslak Brimi, med fokus på omlegginga i NRK.

### Statsbudsjettet

Vi leverte innspel til regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett. I høyringsmøtet i familie- og kulturkomiteen tok vi opp sakar både skriftleg og munnleg. Det var ein ny komité frå hausten 2025, så fleire av medlemene er nye på fagfeltet. FolkOrg sitt innspel tok mellom anna for seg følgande:

- Fortalde om arbeidet vårt med folkemusikk og -dans.
- Vi prata positivt om midlane til regionale kulturfond, og kritiserte kuttet i midlane.
- Vi bad om at potten til dei viktige fonda for musikarar og dansarar i Norsk kulturfond må aukast, og vi kom med innspel om fond for tradisjonsutøvarar.
- Arkivsaka: Arkivfeltet treng midlar til eit fag- og katalogsystem.

FolkOrg leverte innspel til utanriks- og forsvarskomiteen i lag med Norsk jazzforum der vi bad om at organisasjonane Norwegian Arts Abroad – for musikkfeltet sin del er dette Music Norway – blir styrka betrakteleg. Vi kritiserte sterkt det kuttet som kom til fleire av NAAane.

I tillegg til å sende innspel og vere til stades på høyringane på Stortinget arrangerte vi debatt om kulturbudsjettet saman med Arrangørforum. Årets debatt var på Gamle Raadhus scene. Der var både kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery og fleire av politikarane frå familie- og kulturkomiteen til stades.

## Kulturytring i Drammen

Kulturytring er Noregs største kulturfestival, og FolkOrg var medarrangør på heile fire seminar og panelsamtaler. I samarbeid med Folkemusikksenteret i Buskerud og Buskerud fylkeskommune var vi med på eit seminar om instrumentmaking innan folkemusikkfeltet (Aslak Brimi var moderator), vi var med SFF og NU om folkemusikk og folkedans i eit berekraft- og beredskapsperspektiv (styremedlem Lene Furuli sat i panelet), og vi støttar opp om SFF sitt seminar om arkivfeltet (Aslak var moderator, og styremedlem Margrete Nordmoen var i panelet) FolkOrg var også med på Arrangørforum sin debatt der temaet var arrangørfeltet og den nypubliserste NOUen.

## Høyringsinnspel om NOUen Musikklandet

I 2023 vart det sett ned eit utval som skulle sjå på heile musikkfeltet, og utvalet presenterte NOUen Musikklandet under Kulturytring i Drammen i juni. Folkemusikken er godt representert i NOUen, sjølv om vi ser nokre manglar. Departementet la NOUen ut på høyring, og FolkOrg sende inn høyringsinnspel der vi gjorde greie for kva vi meiner departementet må prioritere.

Nokre av dei punkta vi spelte var:

- Stortingsmelding om Immateriell kulturarv
- Fond for tradisjonsutøvarar
- Arkivfeltet treng eit nytt fag- og katalogsystem

FolkOrg samarbeidde også med NU, Riksscenen og SFF om eit felles innspel, samt eit innspel i lag med Arrangørforum.

## Anna kulturpolitisk arbeid

- FolkOrg har kome med skriftleg høyringsinnspel om endring av lov om moms kompensasjon.
- FolkOrg har kome med skriftleg høyringsinnspel om endring av Kulturlova.
- Vi arbeidde for å få representantar frå folkemusikkmiljø inn i styre og utval der det er viktig å få fram vårt perspektiv, til dømes eit fond for utøvande kunstnarar.
- Vi har vore aktivt med på møte i andre organisasjonar og nettverk som vi er med i, som til dømes Norsk musikkråd, Arrangørforum, Kulturalliansen, Frivillighet Norge, Musikkindustriens næringsråd og Balansekunst.
- Vi har hatt møte med TONO fleire gonger gjennom 2025, og mellom anna hatt møte om ei eventuell medfinansiering av eit Fond for tradisjonsutøvarar.
- Dagleg leiar har vore i møte med administrasjonen i KUD for å sjå på løysingar for ei eventuell finansiering av eit Fond for tradisjonsutøvarar via spelemidlane.
- Styremedlem i FolkOrg, Camilla Granlien, sat som styremedlem i TONO.



Kulturminister Lubna Jaffery var i samtale med Silje Liahagen om ståa på folkedansfeltet under Folkelarm 2025

## KAPPLEIKAR OG FESTIVALAR

FolkOrg ytte rådgjeving for lokalkappleikar gjennom heile året. FolkOrg har eit eige elektronisk kappleiksprogram som medlemar i FolkOrg kan få gratis tilgang til. Det har med åra vorte fleire og fleire lokale kappleikar som også nyttar dette programmet.

Under avviklinga av Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk samarbeidde FolkOrg tett med lokal arrangør. FolkOrg har faste ansvarsområde og arbeider tettast inn mot tevling og informasjon. FolkOrg sytte for at arrangementet blir dokumentert av dyktige fotografar og tilgjengeleggjort for alle interesserte via Flickr. FolkOrg ønskjer å vere lett tilgjengeleg for medlemar, og hadde stand på stemnekontoret gjennom heile arrangementet.

### Landskappleiken i Eidfjord 25.-29.juni

Landskappleiken i Eidfjord vart gjennomført med Hardanger Spelemannslag som lokal arrangør. Det var 1750 deltakingar, med 970 unike deltakarar fordelt på 515 startnummer.

Årets landskappleik var eit godt gjennomført arrangement med stor påmelding og mange besøkande. Kappleiksarenaen var kompakt, med tre ulike tevlingsarenaer i gangavstand til kvarandre. FolkOrg har oppnådd Balansemerket og det er særst viktig at våre arrangørar set seg inn i det arbeidet. I forkant av Landskappleiken i Eidfjord gjennomførte alle i hovudnemnda kurs i regi av Balansekunst.

Landskappleiken vart opna av kulturminister Lubna Jaffery på Opningskonserten "Her har me butt". I tillegg til tevlingsane, som starta onsdag, hadde kapp-

leiken eit rikholdig kulturprogram med ulike konsertopplevingar som til dømes "Dei syngjande" og førestillinga "Danse mi dokke, springe min hest". I tillegg var det moglegheit for å få med seg fleire plateslepp i løpet av veka. Kulturtilbodet for barn og unge var satsa godt på under årets Landskappleik. Det blir arrangert sjokoladekappleik og familiedans for alle, både torsdag, fredag og laurdag, med tilhøyrande kappleikstog mellom arenaene.

Laurdag kveld var det finale i klassa Eldre folkemusikkinstrument, Spel fele A og Dans hardingfele A. Kongepokalen vart i 2025 sett opp i Dans hardingfele A. Vinnarane vart Hege S. Johnrud og Sigbjørn Rua som representerte Småjondølenes dansarlag.

I overkant av 450 dugnadsfolk stilte opp, i tillegg til hovudnemnda, og fleirfaldige dugnadstimar vart lagde ned for å gjennomføre arrangementet. Landskappleiken fekk eit stort økonomisk overskot på litt over 1,7 millionar kroner.

Gnistprisen og Gnistsamlinga under Landskappleiken er eit initiativ av Eva Fischer og EFh Holding. Prisen skal gå til eit lag som jobbar særst godt med både nivå og læringsmiljø for barn og unge som dansar folkedans. Gnistprisen 2025, på 15 000 kr, gjekk til Bergen Ungdomslag Ervingen.

Under Landskappleiken blir Gnistsamlinga arrangert, der ungdomar samlast til pizza og sosial dans. Det var god oppslutning om samlinga der det både var kræsjkurs i springar frå Eidfjord og sosial dans med Snaustrinda spelemannslag.



Årets vinnar av Hardingfele klasse A, Helga Myhr.



Hattespil med Wilmer Sandum Svanborg, med hattehaldar Sigrid Svanborg og dansespelemann Øyvind Sandum. Wilmer endte opp med å vinne klassa Halling klasse C.

## Landsfestivalen i gammaldansmusikk i Oppdal 30.juli–3. august

Landsfestivalen i gammaldansmusikk vart arrangert på Oppdal med Oppdal Spel- og dansarlag som lokal arrangør. Med rekordstor påmelding var det heile 1333 deltakingar og 861 unike deltakarar fordelte på 240 startnummer.

Festivalarenaen på Oppdal eignar seg godt for å arrangere Landsfestivalen i gammaldansmusikk ettersom alt blir så kompakt og nært, der det er kort avstand mellom øvingsrom, stemnekontor, mattelt og hovudarenaen som var Oppdalshallen. FolkOrg har oppnådd Balansemerket og det er særskilt viktig at våre arrangørar set seg inn i det arbeidet. I forkant av Landsfestivalen i gammaldansmusikk på Oppdal gjennomførte hovudnemnda kurs i regi av Balansekunst.

Tevlingane starta onsdag og held fram til laurdagskveld. Sondag var det Meisterkonsert. Landsfestivalen hadde ein kort opningskonsert onsdag mellom to tevlingar. Torsdag var det framføring av bestillingsverket "Fokstugu", laga av Erlend Viken og Kjell Marius Snipen, spesielt laga til Landsfestivalen på Oppdal. I tillegg var det lag opp til plateslepp og ikkje minst eit rikhaldig program for barn og unge. Det var Sjokoladefestival under store delar av festivalen, dansekurs, spelkurs, songkurs og dansefest.

Landsfestivalens juniorspelemannslag opna finalekvelden laurdag, til stor jubel frå publikum. Dansen på kveldstid forgjekk i Oppdalshallen og matteltet.

I overkant av 300 dugnadsfolk stilte opp, i tillegg til hovudnemnda, og fleirfaldige dugnadstimar vart lagde ned for å gjennomføre arrangementet. Landsfestivalen fekk eit rekordstort økonomisk overskot på over 1,4 millionar kroner.



Oppe frå venstre: Vinnar av gruppespel, Kolden Co, vinnar av lagspel, Heider spellemannslag. Nede frå venstre: Vinnar av lagspel durspel/trekkspele, Hafselobelgen, og vinnar av lagdans, Røros folkedanslag.

## Folkelarm - Riksscenen, Oslo, 16.–19.

### November 2025

Folkelarm er Nordens største bransjetreff for folkemusikk og folkedans. Arrangementet er bygd kring showcase-konsertar på kveldane og seminar på dagtid. I tillegg til showcase-konsertar var det ei akustisk scene i lavvoen der alle artistar fekk moglegheit til å spele, og sjølvsat eit stort dansespelprogram.

I 2025 hadde vi for første gong ei tingsingsverk, Purppuri. Tingsingsverket blei framført under opninga av Folkelarm 2025 på torsdagen, og statssekretær Trude Storheim stod for den offisielle opninga. Utdeling av Folkelarmprisen vart gjennomført laurdag med Sigrid Moldestad og Alexander Aga Røynstrand som programleiarar.

Vi fekk i 2025 eit treårig tilskot frå Sparebankstiftelsen DNB til FolkelarmUng, og vi hadde moglegheit til å utvide arrangementet. FolkelarmUng skal vere eit gratis arrangement for heile familien med mål om å presentere gode førestillingar innanfor folkemusikk og folkedans for barn og unge. Samarbeidpartnarar er OsloFolk, Samspill, og LilleRiksen. Vi presenterte tre barneførestillingar, songkurs ved UFO, Mette Vårdal hadde filmanimasjonsverkstad og det var teikneaktivitetar for dei minste i foajeen på Riksscenen. Vi hadde òg eit seminar for arrangørar og utøvarar: «Korleis skape gode konsert- og festivalprogram for barn?»

FolkOrg fekk tilskot frå Music Norway til eit internasjonalt delegatprogram. Saman kunne vi invitere 35 internasjonale delegatar. I tillegg kom det fleire på eige initiativ og etter invitasjonar frå oss. Vi hadde besøk av delegatar frå Sverige, Danmark, Tyskland, Storbritannia, Frankrike, Finland, Spania, India, Belgia og Noreg.

Folkelarm inneheldt ei rekkje seminar som var retta mot folkemusikkutøvarar, folkemusikkarrangørane og dei internasjonale delegatane. Laurdagen la vi vekt på å lage eit program som vart attraktivt for lokallaga, til dømes rekrutteringsseminar, og marknads- og møteplassen Marked&Musikk. Fleire nye organisasjonar tok kontakt i 2025 for å leggje sine seminar og møteplassar parallelt med Folkelarm. Dessutan la vi til rette for møteplassar mellom utøvarar og delegatar på Folkelarm. Seminarprogrammet har aldri vore så stort, og vi samarbeider med til dømes MØST, NKA, Creo, Nopa, TONO, SFF, NU, Norsk Musikkråd, LNU, Creo og Global North Network.

I 2025 hadde vi regionen Flandern og Dranouter Festival som offisiell partnar, og to flamske artistar fekk moglegheit til å ha showcase. Vi hadde òg eit samarbeid med Global North, ved Transform – Trondheim World Music Festival og Samspill International Network, der 3 internasjonale tradisjonsmusikarar med tilhald i Norden fekk showcase under Folkelarm.

Showcasejury 2025 var Kajsa Balto, Ida Dyrkorn Heierdal, Øystein Sandbukt og Øystein Rudi.

Folkelarm er eitt av fleire ansvarsområde FolkOrg har, og er noko av det organisasjonen får driftstilskot til å gjennomføre. Årets Folkelarm vart eit stort og innhaldsrikt arrangement, og det var ei auke i besøkstal og ein mykje betre logistikk då Riksscenen tok i bruk foajeområdet til Popsenteret. Det gav eit meir ope og inkluderande arrangement, med meir plass til nettverking og relasjonsbygging på gateplan.

### Folkelarmprisen

Folkelarmprisane vart delte ut i kategoriane dokumentasjon, solo, samspel, dansespel og open klasse som før. Den gjæve prisen Årets folkemusiker gjekk til Ingrid Lingaas Fossum. Bransjeprisane Årets folkemusikkarrangør, Årets visuelle uttrykk, Årets produksjon og Årets bransjeaktør vart og delt ut i 2025.

Folkelarm-prisjuryen i 2025 var Birgit Haukås, Jo Asgeir Lie, Tuva Færden, Johanna Fuglesteg og Thov G. Wetterhus.

Purppuri var eit dansespelvark av Esko Järvelä, Johan Hedin, Jorun Marie Kvernberg & Mads Kjøller Henningsen med urframføring på Folkelarm.



# FOLKORGS ELDSJELPRIS

## Lagbyggjaren

Sturla Eide hadde suksess på fleire område under fjorårets Landsfestival i gammaldansmusikk i Oppdal. Han var finalist i solo fele, og i gruppespel med trøndergruppa Båttåbol. Dei siste åra har han også hatt gode resultat med rekrutteringsprosjekt i nabokommunen. Folkemusikk fekk ein prat med han under stemnet i Oppdal.

**Tekst: Kjellbjørn Karsrud**

– Du har med ein ungdomsgjeng i år?  
– Jo, vi er ein bra gjeng. Vi har budd på sovesal, og det er topp. Vi er jo eit juniorspelemannslag med éin senior, og det er meg!

Spelemannslaget Laust & fast, som dei kallar seg, prøver å få til ein tur i året, og i år var det nærliggande å ta turen til Oppdal.

– Eg jobbar nokså mykje med nettverk, slik at dei skal kjenne fleire ungdomar enn sine egne. Eg er opptatt av at det skal vere inkluderande og vidt miljø. Eg ser dei møtest i sofatelet på festivalområdet saman med folk frå fleire plassar i landet. Dei har kome dit at dei har bra repertoar og kan lære seg nye låttar fort.

Dei fekk dei første FolkOrg-midlane i 2019, og hadde med det full fart inn i pandemien. Og trass restriksjonar, fekk dei gjennomført dei fleste prosjekta dei hadde sett for seg.

– Men det er klart det er frykteleg sårbart. Det står og fell på meg, sjølv om foreldregruppa er fantastisk og stiller opp.

Eide har observert at mange andre miljø som jobbar med rekruttering strevar med mykje av det same som rekruttering i folkemusikken. Ofte er det dei kommersielle kreftene som vinn fram.

– Kvifor kan ikkje vi tilby det same som fotballen? Det er sjølv sagt at alle skal begynne med fotball i andreklasse, kvifor er det ikkje like sjølv sagt at dei skal begynne med noko anna?

Eide bur i Orkdal, men jobbar i Skaun. Der streker dei også ut handa til nabokommunane, og det begynner å dukke opp elevar frå andre stader.

– Dei aller fleste praktiserer eit 20-minuttsregime. Eg prøver å seie at hemmelegheita mi er at vi må gruppere i staden. Ein må sette saman elevane i grupper etter nivå og behov, men det må vere ei dynamisk greie gjennom året. Den same gruppa passar ikkje nødvendigvis saman gjennom eit heilt år.

Eide peikar på at 20 minutt i veka berre er 12 timar i året.

– Om du forheld deg til slike rammer, så rekk du svært lite. Då bruker du fort meir tid på å pusse tenna dine enn å spele!

*Teksten er basert på ein artikkel som stod på trykk i Folkemusikk 2025/3*

### FolkOrgs Eldsjelpris

Eldsjelprisen vert delt ut kvart andre år under Landsmøtet, og i 2025 var andre gongen FolkOrg delte ut denne prisen.

Med denne prisen ynskjer FolkOrg å setje fokus på alt det gode arbeidet som vert lagt ned i små og store lag og miljø landet over. Prisen skal gå til ein person som har utmerkt seg gjennom sitt engasjement og sin innstats for folkemusikken og/eller folkedansen i Noreg, og som i stor grad har stødd opp med friviljug arbeid.

Eldsjelprisen 2025 gjekk til Sturla Eide for det gode arbeidet han gjer for rekruttering, formidling og aktiv vidareføring av folkemusikktradisjonen.



## INFORMASJONSARBEID

I FolkOrg arbeider vi breitt med informasjons- og kommunikasjonsarbeidet, og alle tilsette bidreg med innhald frå sine ansvarsområde til informasjonsarbeidet vårt. Tilsette i FolkOrg gjer det meste av grafisk utforming sjølve og nyttar ulike trykkeri ved produksjon av det materialet vi lagar. Vi har nokre innleigde fotografar til dei store arrangementa våre, men gjer òg mykje foto- og filmjobb sjølve.

I tillegg til informasjonsarbeid for organisasjonen generelt, har vi også informasjonsansvaret for dei arrangementa vi eig. Dette er Landskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk og Folkelarm.

### Kommunikasjonskanalar

Vi nytta fleire ulike kommunikasjonskanalar i informasjonsarbeidet vårt også for 2024.

#### Digitale plattformer

Vi har vore jamt synlege i sosiale medium heile meldingsåret, med opptrapping av innhald inn mot arrangementa våre som Landskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk og Folkelarm. Vi freistar òg å spreie gode innlegg frå andre innan sjangeren vår og stø opp om innlegg frå andre.

Vi har mange ulike kontoar i sosiale medium, både for FolkOrg som organisasjon, men òg for arrangementa våre særskilt.

Vi har Facebook- og Instagramkontoar for magasinet Folkemusikk, Landskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk og Folkelarm. Vi samarbeider med lokal arrangør det gjeldande året om å oppdatere kontoane for Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk.

Tal på følgjarar i 2025 for dei ulike kontoane er slik Facebook

- FolkOrg: 5800 følgjarar
- Landsfestivalen: 7900 følgjarar
- Landskappleiken: 8300 følgjarar
- Folkelarm: 4500 følgjarar

Instagram

- FolkOrg: 2494 følgjarar
- Landsfestivalen: 1473 følgjarar
- Landskappleiken: 2334 følgjarar
- Folkelarm: 3312 følgjarar

FolkOrg eig og driftar Snapchat-kontoen Folkemusikk Norge med 3187 følgjarar. Snapchatkontoen blir nytta på ulike små og store arrangement over heile landet, og målet er å vise ulik folkemusikk- og folkedansaktivitet rundt omkring. Snapchat-kontoen vart mykje brukt i 2025, og talet på dei som ser snappane som blir sende, veks stadig.

#### Nyhendebrev og medlemskommunikasjon

I meldingsåret er det sendt ut seks medlemsbrev med fylldig informasjon om stort og smått til alle medlemmar i organisasjonen. I tillegg vert det sendt ut egne informasjonsmailar til tiltisvalde, til arrangørane og til yrkesutøvarane.

#### Folkorg.no

Den offisielle nettstaden vår har vore under utvikling ei tid no, og i meldingsåret vart vår leverandør, CustomPublish, selt til firmaet Sitevision. Nye nettsider for folkorg.no og folkemusikk.no vart lansert oktober 2025.

#### Andre nettstader vi driftar

FolkOrg eig og driftar nettstadene til arrangementa våre i tillegg til at vi har fleire andre nettressurser. Landskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk og Folkelarm har alle egne nettstader som FolkOrg har ansvar for vedlikehald og utvikling av. I tillegg har vi nettstadene [www.folkarr.no](http://www.folkarr.no) og [www.folkartist.no](http://www.folkartist.no).

Nettstadene til FolkOrg er:

- [www.folkorg.no](http://www.folkorg.no)
- [www.folkemusikk.no](http://www.folkemusikk.no)
- [www.landskappleiken.no](http://www.landskappleiken.no)
- [www.landsfestivalen.no](http://www.landsfestivalen.no)
- [www.fokelarm.no](http://www.fokelarm.no)
- [www.folkartist.no](http://www.folkartist.no)
- [www.folkarr.no](http://www.folkarr.no)

## FOLKEMUSIKK OG FOLKEMUSIKK.NO

Det er FolkOrg, organisasjon for folkemusikk og folke-dans, som eig og gjev ut magasinet Folkemusikk. Redaktøren arbeider etter Ver Varsam-plakaten og Redaktørplakaten. Magasinet er medlem av Norsk tidsskriftforening og Fagpressen.

### Redaksjonell profil

Folkemusikk er i dag det einaste riksdekkande folke-musikk- og folkedansmagasinet i Noreg. Magasinet er ein viktig premissgjevar for formidlinga av folke-musikk og folkedans – innanfor folkemusikkmiljøet og overfor andre miljø.

Kjellbjørn Karsrud har vore redaktør sidan august 2024. Johanne Flottorp er redaksjonsmedarbeidar. Flottorp hadde permisjon i januar 2025, Karsrud hadde 40% farspermisjon frå januar til 3. desember. Redaktøren har heimekontor i Lom, mens Flottorp har heimekontor i Bø. Det redaksjonelle språket er nynorsk, og tekstar i bladet er i baa målformer. Godt og vel 90 % av stoffet var i 2025 på nynorsk.

### Satsingar og redaksjon

2025 har vore eit år med stor aktivitet på folkemu-sikk.no. På nettsida vart det i 2025 publisert 260 enkelt saker, opp frå 152 året før. Også papirmaga-sinet Folkemusikk har auka i omfang i 2025 etter å ha vore kutta ned i åra etter pandemien. I og med at vi er to i redaksjonen, har vi ikkje lenger eit redaksjonsråd.

Vi ser at bladet dei siste åra jamt og trutt har fått færre og færre abonnentar, men i fjor hadde vi ein liten oppsving. I 2025 vart det gjort eit forsøk på å få fleire abonnentar ved å fulldistribuere blad 3/2025 til alle vaksne medlemar. Frå nummer 1 i 2025 til nummer 1 i 2026 auka abonnementsstalet frå 1103 til 1127. Vi meiner likevel at potensialet er langt større.

### Distribusjon og økonomi

Folkemusikk er i all hovudsak eit abonnementsblad. Ved inngangen til 2026 har magasinet 1127 abon-nentar. Av abonnentane er 284 registrerte som gra-tisabonnentar og 645 som medlemar av FolkOrg. Nettbutikken til Tekstallmenningen tek seg av alt laussalet av Folkemusikk.

Folkemusikk var i 2025 del av Kulturrådet si støtte-ordning for tidsskrift og kritikk, og magasinet fekk kr 394 300 gjennom ordninga. Vi var også ein del av innkjøpsordninga til biblioteka.

Driftsinntektene til Folkemusikk var i 2025 på 960 912 kroner utanom tilskot frå FolkOrg. Av desse kom 397 000 frå Kulturrådet, 348 050 frå abonnement og 210 612 eks. mva frå annonsesal netto etter at provi-sjon til annonseseljar er betalt (annonsesalet i rek-neskapen for 2025 er for 3 av 4 blad).

Frå FolkOrg si side vart det brukt 663 716 kr av driftstilskotet, noko som er akkurat 20 000 meir enn budsjettert.

Flottorp/Solberg



Fiskaren

### SPELLEMANNSPRISEN

Spellemannsprisen for 2024 vart delt ut våren 2025, og prisen i kategorien Tradisjonsmusikk gjekk denne gongen til Flottorp/Solberg og albumet Fiskaren. Johanne Flottorp har ved sidan av å vere felespelar og aktiv muskar, ei 30% stilling som bladfyk i bladet Folkemusikk.

Dei andre nominerte i klassa Tradisjonsmusikk var Solfrid Nestegard Gjeldokk og Espen Wensaa med albumet Solhov, Britt Elise Skram med albumet DÅM, og Mari Boine med albumet Alva.

## Eksterne samarbeidspartnarar

Bladet Folkemusikk har i 2025 samarbeidd med Edda Presse på annonsesal til og trykk av magasinet, og søsterselskapa Edda Grafisk på formgiving og Best Distribusjon på utsending av papirmagasinet. Vi har hatt laussal gjennom Tekstallmenningen.

## Folkemusikk.no

Redaktøren for Folkemusikk oppdaterer også nettstaden folkemusikk.no. Nettleverandøren vår er svenske Sitevision, og nye nettsider vart klare hausten 2025.

## Sosiale medium

Redaktøren oppdaterer også Facebook-sida til Folkemusikk. Den vanlegaste oppdateringa er når det er kome ein ny artikkel til folkemusikk.no. Vi legg også ut kunngjeringar og enkelte andre folkemusikk- og dansenyhende.

Ved utgangen av 2025 var det ganske nøyaktig 8093 personar som følgde Facebook-sida til folkemusikk.no, ein auke på 907 frå året før. Folkemusikk si Facebook-side har hatt 31 941 reaksjonar i 2025, opp med 162,2% frå 2024. Det var 1523 kommentarar og 781 delingar Profilen hadde 40 263 besøk, opp 324,5% opp samanlikna med året før. Rekkevidda var 149 272, opp 192,8%. Sida hadde 1 856 087 visningar i 2025. Sida hadde elles 31 942 lenkeklikk, som var ein oppgang på 65,9%.

Facebook-postane våre som nådde flest personar i 2025:

- Reel: Det er straks klart for finale på Landskappleiken (28. juni., visningar 63 382)
- Reel: Gruppespelet på Landsfestivalen i gamaldans (2. aug., visningar 49 113)
- Reel: I dag har den store lagspjelklassa vorte avvikla (1. aug, visningar 48 912)
- Reel: Landsfestivalen i gamaldansmusikk gjekk av stabelen (30. juli, visningar 40 529)
- Reel: Magasinet Folkemusikk gratulerer dei ferske vinnarane av Landsfestivalen (3. Aug , rekkjevidde 37 580)

Facebook-postane våre som fekk flest reaksjonar i 2025:

- Gruppespelet på Landsfestivalen i gamaldans (661 reaksjonar)
- Det er straks klart for finale på Landskappleiken (639 reaksjonar)
- Reel: Martin Myhr i D-klassa (625 reaksjonar)
- Reel: Magasinet Folkemusikk gratulerer dei ferske vinnarane av Landsfestivalen (599 reaksjonar)
- Eit stort og aktivt arrangørslag og ein dansande kulturminister (587 reaksjonar)

Facebook-postane våre med flest delingar i 2025:

- Ytring: Styreleiar i FolkOrg, Kristian Hanto er redd eit kulturpolitisk jordskjelv (37 delingar)
- Gruppespel på Landsfestivalen i gammaldans (31 delingar)
- For første gong blir det gamaldans på programmet under Kemer Dansefestival i Tyrkia (29 delingar)
- Reel: Martin Myhr i D-klassa (27 delingar)
- I dag har den store lagspjelklassa vorte avvikla (27 delingar)



## ØYVIND BERGHS MINNEPRIS 2025

Vinnaren av Øivind Berghs Minnepris, Sindre Tronrud i 2025, kjem frå Fagernes i Valdres, og er ein ung og framstormande folkemusikar. Han spelar både hardingfele og vanleg fele, men hardingfela har hatt mest fokus dei siste åra. Utdelinga av prisen var på den tradisjonsrike høgfjellskonserten ved foten av Rondane i lag med eit stort orkester og andre solistar.

Øyvind Berghs minnepris er på kr 25 000,- og er et samarbeid mellom FolkOrg, KORK, Peer Gynt AS, etterkommerene etter Øivind Bergh og SpareBank 1 Gudbrandsdal.

# FOLKORGS LOKALLAGSPRIS

## Lom spel- og dansarlag

Lom spel- og dansarlag er eit aktivt lag som kan syne til høg aktivitet gjennom heile året. Leiinga i laget legg ned ein solid arbeidsinnsats, og har i tillegg mange kreative innfallsvinklar til aktiviteten i laget, noko som gjer at dei stadig er i utvikling.

Laget har i lang tid hatt fokus på rekrutteringsarbeid, som kan vere ein grunnane til god medlemsauke av barn og unge i laget. Dei har høg aktivitet og skapar sosiale møteplassar mellom anna med regelmessige øvingar i spel, dans og song for både unge og vaksne. Dei siste åra har laget i tillegg til ordinære øvingar for medlemmar arrangert "Kræsjkurs" i springleik, dansekurs i parhalling frå Gudbrandsdalen, miljøkveldar og konsertar, munnharpekurs, samt kurshelg for barn og ungdom i samarbeid med Øyrafolk og Havella.

Lom spel- og dansarlag er ein viktig bidragsytar i det lokale og regionale kulturlivet, og er ein solid arrangør av ulike arrangement innan folkemusikk og folkedans i Gudbrandsdalen. Laget arrangerte Landsfestivalen i gammaldansmusikk i 2015, og Landskappleiken i 2023, som båd var vellukka arrangement med stor oppslutning av både publikum og deltakarar. Det er særst gledeleg å sjå at laget har brukt overskotet frå desse arrangementa til å fokusere på rekrutteringsarbeid og arrangere gode folke- musikk- og folkedansaktivitetar i sitt nærmiljø.

Meir om laget finn du på [www.lomspel.com](http://www.lomspel.com).



Live Sulheim Viken er eitt av mange unge talent som har grodd fram gjennom Lom spel- og dansarlag sitt mangeårige gode rekrutteringsarbeid. Live vann klassa fele/hardingfele junior på Landsfestivalen i Oppdal i 2025.

### FolkOrgs lokallagspris

FolkOrgs lokallagspris vart oppretta i 2012, og vart først kalla Årets lokallag. Frå 2023 vert prisen delt ut annakvart år på landsmøte. Det er styret i FolkOrg som avgjer kven som får FolkOrgs lokallagspris på bakgrunn av innsendte nominasjonar.

Tidlegare vinnarar: 2012: Seljord Spelemannslag, 2013: Eiker Spelemannslag, 2014: Klæbu torader- og danselag, 2015: Gjøvik spelemannslag, 2016: Tinn spelemannslag, 2017: Vågå spel- og dansarlag, 2018: Hardanger spelemannslag, 2019: Trysil-Knut Dans og spelmanlag, 2020: Setesdal Spelemannslag, 2021: Bærum Spellemannslag, 2022: Ål spel- og dansarlag, og 2023: Øystre Slidre Spel- og dansarlag

## DANSENS DAGER-AMBASSADØR 2025

Silje Onstad Hålien var Dansens Dagar-ambassadør i 2025. Dette er ein stor heiderstittel, og ga rom for å formidle folkedans til veldig mange. I sitt kunstnariske virke bruker Silje folkedansen og folkemusikken i eit moderne uttrykk, og ho har ei eiga evne til å kombinera tradisjon med fornying. Ho skaper rom der publikum blir drege inn i den leikne og kraftfulle estetikken, samt det slåande samspelet mellom musikk og dans. For Silje står mellommenneskelege kjensler, tilstandar og overgangar sentralt i det skapande arbeidet. Ein kan i stor grad kjenne på spenningsfeltet mellom dansen og den levande musikken i hennes koreografiske verk.



# FOLKEMUSIKK- OG FOLKEDANSÅRET I TAL

Måla som er sette i FolkOrgs langtidsplan er langsiktige. Dei er ikkje av ein slik art at ein kan seie noko om i kor stor grad dei er nådd. Men ut frå det talmateriale vi har kan vi gje eit bilde på korleis ein ligg an. Og samstundes gjev tala oss informasjon som er av verdi for vidare arbeid i åra som kjem.

I den følgjande delen ser vi på dei tre hovudmåla i langtidsplanen, og tek for oss ulike statistikk og talmateriale vi har knytt til ulike delar av organisasjonens arbeid.


## MÅL: FOLKEMUSIKK- OG DANSETRADISJONANE I NOREG SKAL STÅ STERKT

INDIKATORAR PÅ OPPNÅING AV MÅLET:

- Det skal vere attraktivt å utøve, formidle og undervise i folkemusikk og -dans.
- Det skal vere attraktivt å arrangere kappleikar, kurs, konsertar og dansefestar.
- Det skal vere attraktivt å delta på arrangement og kappleikar.

Kappleikar er ein tradisjonsrik måte å samlast på i folkemusikk- og folkedansmiljøet. Talet på slike arrangement seier både noko om interessa for folkemusikk- og folkedans, og aktivitet i ein region. Vi ser at vi ikkje er komne heilt opp på før-pandeminiivå når det gjeld slike arrangement, og særleg i vanlegfeleområdet har det vore fråfall.

Nedanfor er ei landsbasert oversikt over talet på arrangerte lokal- og fylkeskappleikar.



Deltaking på Landskappleiken og økonomisk resultat:

	2015	2016	2017	2018	2019	2022	2023	2024	2025
Deltakingar	1423	1460	1299	1542	1596	1200	1500	1797	1750
Innslag	470	457	446	453	532	471	472	551	515
Økonomisk resultat (1000kr)	309	1 350	420	162	850	-27	316	2 000	1 718

Deltaking på Landsfestivalen i gamaldansmusikk og økonomisk resultat:

	2015	2016	2017	2018	2019	2022	2023	2024	2025
Deltakingar	920	886	709	979	949	1120	1095	1043	1333
Innslag	177	169	129	186	172	227	213	196	240
Økonomisk resultat (1000 kr)	1 129	950	669	758	400	817	491	1 080	1 460

Med «innslag» meiner vi faktisk tal på ulike og einskilde innslag i løpet av arrangementet.

FolkOrg er medlem av Norsk Musikkråd, og medlemne våre søker vaksenopplæringsmidlar (VO-midlar) hjå Musikkens studieforbund. Her kan ein søkje om midlar både til dans og musikk. Dei ulike laga søker om VO-midlar ettersom kor mange øvingar og kor mange som er på øvingane. Desse tala kan då fortelje oss litt om aktiviteten i laga våre.

Tal på studietimar og tilskot til lokallag i FolkOrg gjennom Musikkens studieforbund i 2025 ser vi i tabellen under:

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Studietimar	5577	6247	5877	5962	6113	4079	3769	6409	6765	7371	7218
Tilskot (1000 kr)	531	585	569	570	638	665	595	649	780	900	933


Vi ser altså at talet på studietimar gjekk litt ned i forhold til fjoråret. Om dette er fordi det er manko på rapportering, eller om talet på timar faktisk har gått ned, det veit vi ikkje. Det er eit mål for FolkOrg å få arbeidd med informasjon ut til laga om denne ordninga, slik at vi skal kunne vise til så reelle tal som mogleg.

Frifond er ei tilskotsordning har som formål å stimulere og nå ut til lokallag som er knytt til ein nasjonal, frivillig organisasjon som har musikk som sin hovudaktivitet. Dersom lokallaget oppfyller krava for tildeling, får laget driftstønad basert på antalet medlemar i laget som er under 26 år. FolkOrgs lokallag som søker på denne ordninga gjev oss dermed eit bilde på både aktivitet og rekruttering.


Tal på søknadar frå laga våre og total sum til utdeling i ordninga Frifond Organisasjon ser vi under.

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Tal på søknadar	41	37	22	33	20	19	23	28	27	31	42
Tal på innvilga søknadar	38	30	20	26	19	18	22	23	22	27	41
Tilsegn (1000 kr)	450	544	536	540	541	545	576	576	616	713	772


Frivilljuge lag og organisasjonar kan søkje om momskompensasjon gjennom FolkOrg. Det vil seie at lokallag, områdelag, faglag og arrangørar som er medlemmer i FolkOrg kan søkje gjennom sentralleddet. Antal søknadar på momskompensasjon fortel om aktivitetsnivået i organisasjonen. I grafen under ser vi antal søknadar frå underledda i FolkOrg:



FolkOrg sitt Aktivitetstilskot er ei lågterskelordning som medlemmar i organisasjonen kan søkje på. I 2025 var ramma for ordninga 200 000 kr. Både total søkjesum og antal søknadar fortel om både ønskt og faktisk aktivitet rundt om i organisasjonen. Total søkjesum var i 2025 på 757 450 kr. Framstillinga under gjev oss antal søknadar og løyvingar dei siste åra:



FolkOrg har sidan 2017 fått moglegheit frå Sparebankstiftelsen DNB si satsing Dextra Musica, til å gje større rekrutteringstilskot til prosjekt rundt om i landet. Dette er tilskot som krev litt meir av søkar og søknad. Kwart år er totalsummen for utdeling 1 million kroner. Under ser ein oversikt over antal søknadar og tilslag for desse midlane:



Folkelarm er FolkOrgs eige arrangement der ein samlar heile folkemusikkbransjen. Hit kjem utøvarar og artistar, arrangørar og festivalar, management og bookarar, og utanlandske delegatar. Og sjølvstøtt mykje publikum. Tala frå Folkelarm seier oss mykje om kor attraktivt det er å drive med folkemusikk og folkedans og det å leve av det. Det seier oss også mykje om utviklinga av denne festivalen over tid. FolkOrg brukar mykje ressursar på denne festivalen, og det er ønskjeleg at det er eit viktig, attraktivt og interessant samlings- og møtepunkt.

2017	2018	2019	2021	2022	2023	2024	2025
398 billetter totalt	616 billetter totalt	538 billetter totalt	300 billetter totalt	397 billetter totalt	217 billetter totalt	416 billetter totalt	447 billetter totalt
3d pass: 17	3d pass: 24	3d pass: 19	3d pass: 50	3d pass: 40	3d pass: 46	Delegatpass: 85 Festivalpass: 23	Delegatpass: 146 Festivalpass: 28
<b>Fredag</b> Dagpass: 74 Todagarsp: 34	<b>Fredag</b> Dagpass: 84 Todagarsp: 78	<b>Fredag</b> Dagpass: 100 Todagarsp: 62	<b>Fredag</b> Dagpass: 71 Todagarsp: 38	<b>Fredag</b> Dagpass: 122 Todagarsp: 3	<b>Fredag</b> Dagpass: 86	<b>Torsdag</b> Dagpass: 43 <b>Fredag</b> Dagpass: 100 Seminar: 5 Dansefest: 23*	<b>Torsdag</b> Dagpass: 27 Seminar: 1 <b>Fredag</b> Dagpass: 76 Seminar: 6 Dansefest: 32
<b>Laurdag</b> Dagpass: 130	<b>Laurdag</b> Dagpass: 216	<b>Laurdag</b> Dagpass: 156	<b>Laurdag</b> Dagpass: 119	<b>Laurdag</b> Dagpass: 109	<b>Laurdag</b> Dagpass: 82	<b>Laurdag</b> Dagpass: 88 Dansefest: 49	<b>Laurdag</b> Dagpass: 88 Dansefest: 42 Seminar: 1

\* Det var ikkje sal av todagarspass i 2025. Det var selt billetter til dansefestane etter showcaskonsertane fredag og laurdag.

Besøktal Folkelarm:


2022	2023	2024	2025
3156	3729	4814	5750

## MÅL: FOLKEMUSIKKEN OG -DANSEN I NOREG ER KJEND OG SYNLEG NASJONALT OG INTERNASJONALT

### INDIKATORAR PÅ OPPNÅING AV MÅLET:

- Auka interesse for og kunnskap om folkemusikk og folkedans
- Auka omtale og bruk av folkemusikk og -dans

FolkOrg eig og gjev ut bladet Folkemusikk og folkemusikk.no. Bladet og nettsida folkemusikk.no er redaksjonelt fristilt frå FolkOrg. Bladet Folkemusikk er det einaste magasinet som har fullt og heilt fokus på folkemusikk og folkedans. Talet på abonnentar har tradisjonelt sett vore ein indikasjon på interessa for det som skjer på feltet. Men det er også slik at fysiske magasin på jamne er i nedgang når det kjem til opplag og abonnentar, og det same gjeld Folkemusikkbladet.



Det ein derimot ser ein oppgang på er bruken av nettsida www.folkemusikk.no, noko som er positivt. Også Folkemusikk sine sosiale medium har stor auke. Ved utgangen av 2025 var det ganske nøyaktig 8131 personar som følgjer Facebook-sida til folkemusikk.no, ein auke frå 7350 året før.

Folkemusikk si Facebook-side har hatt 31 946 lenkeklikk i 2025, opp frå 19 262 i 2024. Profilen hadde 40 270 besøk, opp frå 11 187 samanlikna med året før. Rekkevidda var 1,9 millionar, medan det var 34 250 innhaldssamhandlingar.

### Kvalitative vurderingar:

- Noreg var partnerland på Showcase Scotland, den viktigaste showcase-festivalen for folkemusikkfeltet i Europa, i 2024. Som eit ledd i partnerlandavtala blir ein invitert tilbake året etter for å minne delegatane på artistane, og vise kva slag resultat Showcase Scotland har gjeve. Ann Helen Erichsen og Live Visdal reiste i januar 2025 til Skottland på vegne av FolkOrg og Music Norway. Til mottakinga hadde Music Norway laga ein film frå 2024 med intervju av artistane som deltok.

- I tillegg til at denne videoen blei vist, fekk trioen Hekate vist seg fram på mottakinga og hadde ei eigen konsert under Celtic Connections. Mottakinga i 2025 bidrog til ny merksemd rundt dei artistane som deltok i 2024, og Hekate skapte ny interesse for norsk folkemusikk og folkedans,
- FolkOrg deltok på Womex 2025 saman med Music Norway i Tampere. Det var Mattias Thedens som representerte FolkOrg og utøvarane. Det var inga norsk deltaking i showcaseprogrammet.
- FolkOrg var til stades på Nordic Folk Alliance i Uppsala, der prosjektleiari for Folkelarm sat i showcasejuryen. Norske artistar var ULD og Bjørn Kåre Odde & Espen Wensaas. Nordic Folk Alliance i Uppsala vart arrangert som ei del av Verds – og folkemusikk-gallaen.
- FolkOrg er medstiftar av European Folk Network, og var til stades på den årlege konferansen som i 2025 vart arrangert i Manresa, Spania i samarbeid med showcasefestivalen Firá Medierrania. Prosjektleiari for Folkelarm sit i styret og deltok aktivt i gjennomføringa av konferansen.


## MÅL: FOLKORG ER EIN VIKTIG RESSURS PÅ FOLKEMUSIKK- OG FOLKEDANSFELTET

### INDIKATORAR PÅ OPPNÅING AV MÅLET:

- Vi skal nytte og synleggjere kompetansen og erfaringa til medlemmane.
- Det skal vere attraktivt å vere medlem i FolkOrg.
- FolkOrg skal vere ein tydeleg og synleg kulturpolitisk aktør.
- FolkOrg skal vere ein attraktiv samarbeidspartnar.

Talet på medlemmar i FolkOrg gjev ein peikepin på både kor attraktiv organisasjonen er og ikkje minst om interessa på feltet. Det har vore jamn stigning dei siste åra, noko som er gledeleg.

Tal på medlemmar i FolkOrg blir vist under:



I tabellen under kan vi sjå oversikt over antal medlemar i dei ulike kategoriane vi har i organisasjonen.

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Barn/unge	592	604	640	623	628	561	503	519	555	651	740
Yrkesutøvarar	116	158	173	200	196	206	242	262	296	328	375
Lokallag	144	143	144	143	144	149	150	151	150	153	157
Områdelag	11	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10
Arrangørmedlemar	-	-	-	-	-	3	5	6	11	12	13

### Kvalitative vurderingar:

- Vi har vore aktive når det gjeld å levere høyringsinnspel og deltaking i ulike høyrings- og innspelsmøte som departementa og Stortinget har arrangert. Både familie- og kulturkomiteen og politisk leing i Kulturdepartementet er godt kjende med FolkOrg.
- Vi er med i ei rekkje samarbeidsforum og samarbeidsprosjekt både innanfor og utanfor folkemusikk-miljøet. Døme på det er Arrangørforum, samrådsmøte for folkedans, folkemusikksenter, Frivillighet Norge, Norsk musikkråd, Kulturalliansen, Norsk senter for folkemusikk og folkedans, Musikkindustriens næringsråd, Balansekunst, Norsk kulturforum og European Folk Network.
- Vi var medarrangør for debatt under Arendalsuka i samarbeid med dei andre organisasjonane i Arrangørforum.
- Saman med Arrangørforum arrangerte vi debatt om statsbudsjettet på Gamle Raadhus m.a. med kulturministeren som ein av deltakarane.
- FolkOrg har vore aktiv deltakar på ei rekkje møte, seminar og debattar gjennom året.



Kongepokalen i 2025 var i klassa Dans Hardingfele, og gjekk til Hege S. Johnrud og Sigbjørn Rua frå Småjondølenes dansarlag.



Dansekompaniet Mamelukk, her representert ved Silje O. Hålien, ilag med Barokksolisten sin leiar, Bjarte Eike, fekk Folkelarmpris for forestillinga *The Dancing Brew*.

# OM FOLKORG

## STYRET OG UTVAL

Kristian Ihle Hanto - styreleiar  
 Margrete Nordmoen - nestleiar  
 Lene Furuli - nestleiar  
 Anders Lunden Herfoss  
 Tormod Kleiveland  
 Silje Risdal Liahagen  
 Thomas Nilssen

## Varamedlemar

Roger Slåstuen - 1. varamedlem  
 Gro Skanke Raattama - 2. varamedlem  
 Amalie Kinsarvik Tvilde - 3. varamedlem

I 2025 har styret hatt sju møte. To av møta var over to dagar. På møta har styret handsama 69 saker. I tillegg til dei faste medlemmane har første varamedlem vore innkalla fast til alle møte.

I meldingsåret har styret hatt ulike representasjonsoppgåver. Det var representantar frå styret på Landskapleiken, Landsfestivalen og Folkelarm.

Arbeidsutvalet (AU) i organisasjonen har vore Kristian Ihle Hanto, Lene Furuli og Margrete Nordmoen. Dagleg leiar har vore skrivar. AU har i meldingsperioden hatt seks møte, samt mange små drøftingsmøte gjennom året.

**Fagutval for yrkesutøvarar** vart nytt frå landsmøtet i april. Frå januar til april 2025 var det Ingebjørg Lognvik Reinholdt, Mattias Thedens og Jon Bugge Mariussen, i tillegg til styremedlemmane Camilla Granlien og Torfinn Hofstad. Frå mai 2025 vart det Mattias Thedens, Tone Ingvaldsen og Camilla Granlien, i tillegg til styremedlemmane Silje Risdal Liahagen og Margrete Nordmoen. Det nye fagutvalet har hatt fire møte og har elles vore tilgjengeleg for administrasjonen. Utvalet hadde også dialogmøte med styret knytt til styremøtet i september.



**Fagutval for barn og unge i FolkOrg** har frå september 2025 vore Ingvild Kleiveland Vevle, Magnhild Moen Helland og Laura Godø Slørdal, i tillegg til styremedlemmane Thomas Nilssen og Amalie Kinsarvik Tvilde. Fagutvalet har hatt to møte i løpet av 2025.

# Nytt heidersmedlem i FolkOrg

## Tom Willy Rustad

Heidersmedlemskap i FolkOrg heng høgt, og går til personar som har arbeidd særleg godt og lenge for føremålet til FolkOrg. På meisterkonserten i Eidfjord i juni 2025 vart Tom Willy Rustad utnemnd som heidersmedlem i organisasjonen vår.

Tom Willy Rustad er av dei mest kunnskapsrike, formidlande og innovative folkemusikarane i Noreg. Han har arbeidd breitt og allsidig, har arbeidd innan arkiv og organisasjon, og som utøvar både solistisk og i mange ulike gruppekonstellasjonar, turnert i inn og utland.

Rustad har gjort eit banebrytande arbeid med utviklinga av slåttespel på fleire instrument. Særleg når det kjem til durspel har han utfordra instrumentet, og både som musikar og forskar, og skrive læreverk og artiklar om temaet. Han har vunne Landskappleiken fleire gongar både på toradar, munnharpe, seljefløyte og cister, i tillegg til fleire titlar på Landsfestivalen i gammaldansmusikk, NM i trekkspel og på Titanofestivalen.

Som utøvar har Tom Willy Rustad utdanning på klassisk gitar frå Noregs Musikkhøgskole, og hovudfag folkemusikk med slåttespel på durspel som

emne. Han var den første som tok hovudfag i folkemusikk ved NMH.

Tom Willy Rustad er ein stor kapasitet i miljøet vårt, og er sett pris på av mange.



## MEDLEMAR

FolkOrg hadde 4916 medlemmar pr. 31.12.2025. Det er 196 fleire enn i 2024. Av desse er 690 barn/unge (t.o.m. 17 år) og 1119 er under 26 år. Det er 78 fleire medlemmar under 26 år enn i 2024. Når det gjeld lag så var det pr. 31.12.2025 følgande tal på medlemmar:

- 157 medlemslag – det er fire fleire enn i 2024.
- 10 områdelag – likt som i 2024.
- 2 faglag – det er to fleire enn i 2024.

Pr. 31.12.2025 hadde FolkOrg 14 betalande arrangørmedlemmar, to meir enn i 2014. Utanom dette er FolkOrg med og koordinerer eit stort nettverk av folkemusikkarrangørar.

## HEIDERSMEDLEMAR

Tom Willy Rustad vart utnemnd til heidersmedlem i FolkOrg under meisterkonserten på Landskappleiken i Eidfjord.

Pr. 31.12.2025 har vi 31 heidersmedlemmar i FolkOrg.

Følgjande heidersmedlemmar gjekk dessverre bort i 2025: Svein Skjerdal og Randi Gillikstad

## MEDLEMSKAP

FolkOrg var i 2024 medlem i:

- Norsk musikkråd
- Frivillighet Norge
- Kulturalliansen
- Balansekunst
- European Folk Network
- Nordisk Folkemusikkomité / Nordic Folk Council
- Norske Kulturrangører (Folkelarm)

FolkOrg er medstiftar av:

- Telemarkfestivalen
- Førdefestivalen
- Den Norske Folkemusikkveka
- Hilmar Alexandersens Folkemusikkfestival
- Etnisk Musikklubb (medstiftar og deleigar)
- Musikkutstyrsordningen
- Stiftinga Riksscene for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans
- Kulturalliansen
- European Folk Network

FolkOrg er i representantskapet til Norsk senter for folkemusikk og folkedans.

## ØKONOMI OG REKNESKAP

FolkOrg har ein edrueleg pengebruk, og det blir styrt etter å halde seg innan budsjettet som landsmøtet og styret set.

For 2025 fekk FolkOrg ein auke i driftstilskot frå Kulturdepartementet på 1 million kroner som er øyre-

merkte til organisasjonens arbeid med Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk. I tillegg kom organisasjonen inn på BufDir si grunnstøtteordning for barne- og ungdomsorganisasjonar. Desse midlane er eit driftstilskot til organisasjonen basert på talet på medlemar under 26 år.

Organisasjonen går godt i pluss i 2025. Dette har mest av alt med at lønnsutgiftene vart lågare enn planlagt og budsjettert grunna at redaktør i bladet, Kjellbjørn Karsrud, har vore i foreldrepermisjon delar av året, samt at kommunikasjonsrådgjevar og rådgjevar for yrkesutøvarar, Hilde Fjerdingøy, har hatt 30 % permisjon eit halvt år. Desse fråværa, i tillegg til sjukmeldingsfråvær, har ikkje vorte dekt av vikar men heller av korte engasjement og innkjøpte tenester. Det har ført til noko underforbruk av lønsmidlar.

FolkOrg har hatt ein auke i medlemsskap i 2025, noko som naturleg nok kjem til uttrykk i rekneskapen i positiv forstand. Særleg positivt er det med mange nye barne- og ungdomsmedlemar. Ein annan ting som har vore positivt for økonomien, er framleige av eitt av enkeltkontora gjennom dette året. Driftsresultatet i 2025 vart 251 676 kr, og med finansinntektene vart årsresultatet 553 971 kr. Dette går inn i eigenkapitalen til organisasjonen, som pr. 1.1. er 4 108 298 kr.

Konklusjonen er at organisasjonen ved inngangen til 2026 har ein god økonomi med ein auke i eigenkapitalen. Organisasjonen står rusta for eit godt og utviklande arbeid for medlemane og for folkemusikk- og folkedansmiljøet generelt.

## LANDSMØTET 2025

FolkOrg har landsmøte annakvart år. I 2025 vart møtet gjennomført på Røde Kors-huset i Oslo siste helga i april. Det var rundt 100 delegatar frå lokallaga i organisasjonen.

Det var fleire seminar og samlingar i samband med landsmøtehelga, og det var dansefest på Riksscenen laurdag kveld.

Møtet handsama ei variert og stor saksliste. Noko av det som var teke opp var å få inn setningar om barn og unge i langtidsplanen, samt eit nytt format

på - og oppdatering av - dei særskilte satsingane for 2025 til 2027. Ei anna sak var yrkesutøvarane sin representasjon i styret. Vedtektene vart også endra, mellom anna med at det vart vedtekstfesta å ha eit fagutval både for yrkesutøvarar og eit fagutval for arbeid med barn og unge.

Ordstyrarar under møtet var Hilde Bjørkum og Terje Foshaug.

På landsmøtet 2025 var det 97 røysteføre deltakarar, samt omtrent 20 gjester og delegatar utan stemmerett.

## ADMINISTRASJONEN I FOLKORG

Aslak Brimi	Dagleg leiar
Jorun Hagen	Kontormedarbeidar
Liv Annette Nygjerdet	Rådgjevar med ansvar for Landsfestivalen i gammaldansmusikk og Landskappleiken. Kommunikasjonsrådgjevar.
Sina Myhr	Rådgjevar med ansvar for Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk. Balansekunst-kontaktperson. <i>Permisjon frå august 2025 til sept. 2026</i>
Ann Helen Erichsen	Prosjektleder for Folkelarm og rådgjevar med ansvar for utøvarutvikling.
Live Visdal	Rådgjevar med ansvar for lokallag, rekrutteringsarbeid, og barn og unge. Rådgjevar med ansvar for folkedans.
Ingeborg Ulberg Sommar	Rådgjevar med ansvar for Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk. <i>Vikariat for Sina Myhr.</i>
Hilde Fjerdingøy	Rådgjevar med ansvar for yrkesutøvarar. Kommunikasjonsrådgjevar.
Kjellbjørn Karsrud	Redaktør i bladet Folkemusikk og folkemusikk.no
Johanne Flottorp	30%-stilling som journalist i Folkemusikk
Isa Holmgren	Prosjektmedarbeidar i 30% vikariat for Hilde Fjerdingøy frå september til desember.

Administrasjonen held til i eit kontorlokale i Møllergata 39 i Oslo. Der er administrasjonen samlokalisert med ei rekkje andre musikkorganisasjonar. I FolkOrg var det til saman åtte faste årsverk. I tillegg så har ein engasjert personar og artistar iløpet av året til ulike oppdrag.

I administrasjonen har det vore 6,8 årsverk med fast tilsette. Noko av administrasjonens viktigaste oppgåve er å følgje opp medlemar og medlemslag, og følgje opp prosjekt og arrangement i FolkOrgs regi, samt å arbeide på det kulturpolitiske feltet både

nasjonalt, nordisk og internasjonalt. I samband med det daglege arbeidet kjem fakturering, økonomioppfølging, oppdatering av medlemssystem, personaloppfølging, sakshandsaming og møteførebuingar, forsikringar, abonnementsoppfølging, rapporteringar, jamleg oppdatering av nettsider, svar på ulike førespurnader og andre oppgåver som er naudsynte når ein driv ein organisasjon. Langtidsplanen til FolkOrg er det viktigaste styringsdokumentet for administrasjonen samt dei særskilte satsingane og handlingsplanen som ligg med denne.



# SÆRSKILDE SATSINGAR I PERIODEN 2025-2027

Dei særskilte satsingane vert vedteke på Landsmøtet annakvart år. Dette er eit viktig styringsdokument for styret og administrasjonen mellom landsmøta. Dei særskilte satsingane er fordelt under tre hovudmål og med tilhøyrande handlingspunkt å arbeide etter.

## Medlemmer og medlemslag skal ha gode arbeidvilkår for arbeid med folkemusikk og folkedans.

Særskilte satsingar	For å oppnå dette skal FolkOrg...
Legge til rette for små og store rekrutteringsprosjekt.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ha dialog med Dextra Musica for å vidareføre tildelinga av rekrutteringsmidlar.</li> <li>• Dele ut rekrutteringsmidlar til større rekrutteringsprosjekt, og rådgje og vegleie både nye og etablerte rekrutteringsprosjekt.</li> <li>• Ha oversiktlege nettsider der medlemslaga kan få god informasjon om rekrutteringsarbeid og arbeid med barn og unge.</li> <li>• Arrangere fysiske og digitale seminar der ein kan få inspirasjon og nye idéar til rekruttering i sine lokalmiljø.</li> </ul>
Legge til rette for kompetanseheving og faglege møteplassar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Legge til rette for samlingar og kurs som opplevast gjevande og relevante for medlemmene.</li> <li>• Arrangere dommarkurs innan vokal, dans og spel annakvart år.</li> <li>• Følgje opp, utvikle og arbeide for trygg og langsiktig finansiering av prosjektet FolkleiarUng.</li> <li>• Dokumentere og publisere opplegg for opplæring av unge instruktørar og kunstnarlege/faglege leiarar.</li> <li>• Legge til rette for faglege møteplassar for instruktørar og pedagogar innan folkemusikk og folkedans.</li> </ul>
Stimulere til berekraftig drift og auka aktivitet gjennom rådgjeving og tilskotsordningar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Følgje opp medlemslag, og syte for at dei har tilgang til relevante og nyttige ressursar for organisasjonsarbeid.</li> <li>• Ha nettsider som kan vere til inspirasjon og rettleiing for drift og aktivitet i medlemslag.</li> <li>• Dele ut FolkOrgs Aktivitetstilskot, og informere om andre tilskotsordningar som medlemslag kan søke på.</li> </ul>
Vere ein sentral aktør og bidragsytar til eit nasjonalt folkedansløft.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeide for meir folkedans i barnehagar, skulen og kulturskulane.</li> <li>• Arbeide for å auka i talet på møteplassar, arrangement og arenaer både for den sosiale og den sceniske dansen.</li> <li>• Arbeide for ei variert praktisering av folkedansen med fokus på levande tradering på tvers av generasjonar og nivå, med særleg vekt på å styrke runddans- og bygdedanstradisjonane.</li> <li>• Arbeide for at god dansemusikk skal vere tilgjengeleg for danseopplæring og dansepraktisering.</li> </ul>
Arrangement i regi av FolkOrg, og lag eller arrangementmedlemmer i FolkOrg, er trygge og inkluderande møteplassar på tvers av generasjonar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ha gjennomgåande tiltak for at arrangement i miljøet er trygge og inkluderande for alle.</li> <li>• Arbeide for at ulike arrangement har gode møteplassar og aktivitetar for barn og unge.</li> <li>• Informere medlemmer og medlemslag om FolkOrg sine etiske retningslinjer og varslingsrutinar, og tilgjengelege ressursar frå Balansekunst.</li> </ul>

## Arrangører og utøvarar skal ha gode arbeidsvilkår for sitt arbeid med folkemusikk og folkedans

Særskilte satsingar	For å oppnå dette skal FolkOrg...
Synte for utviklingsmoglegheiter og møteplassar for yrkesaktive tradisjonsutøvarar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skipe til møteplassar for yrkesaktive utøvarar der erfaringsdeling og kompetanseheving står i fokus.</li> <li>• Følge opp og rådgje yrkesutøvarar, og synte for at dei har tilgang til relevante og nyttige ressursar.</li> <li>• Arrangere mentor- og lanseringsprogrammet IntroFolk annakvart år.</li> <li>• Arbeide for å styrke Folkelarm som ein viktig møteplass og arena for kompetanseheving for yrkesaktive utøvarar, og som eit viktig møtepunkt mellom artistar og nasjonale/internasjonale bransjeaktørar.</li> </ul>
Arbeide for at folkemusikk- og folkedansfeltet har gode arrangørar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ta ei aktiv og koordinerande rolle for Nettverket for folkemusikkarrangørar.</li> <li>• Legge til rette for møteplassar for arrangørnettverket med fokus på erfaringsdeling og kompetanseheving.</li> <li>• Arbeide for kompetanseheving på og profesjonalisering av arrangørfeltet, og synte for at arrangørmedlemmer har tilgang til relevante og nyttige ressursar.</li> <li>• Vidareutvikle Folkelarm som ein attraktiv møteplass for arrangørar og skipe til seminar og verkstader med fokus på utvikling av arrangørleddet gjennom erfaringsdeling og samarbeid.</li> <li>• Drifte og marknadsføre arrangementskalenderen FolkArr.no, og evaluere denne nettsida i fyrste halvdel av 2026.</li> <li>• Auke arrangørkompetansen i lokallaga.</li> </ul>
Arbeide for at norske tradisjonsutøvarar får større marknad.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vidareutvikle Folkelarm som ein viktig og relevant arena for synleggjering av norsk folkemusikk og folkedans.</li> <li>• Bidra til eit nytt EX.TRA-prosjekt i lag med Music Norway i løpet av perioden.</li> <li>• Legge til rette for møteplassar mellom norske artistar og internasjonale bransjeaktørar.</li> <li>• Drifte og marknadsføre nettportalen FolkArtist.no, og evaluere denne nettsida i fyrste halvdel av 2026.</li> <li>• Arrangere Nordic Folk Alliance i samband med Folkelarm 2026 og 2027.</li> </ul>

## Arrangørar og utøvarar skal ha gode arbeidsvilkår for sitt arbeid med folkemusikk og folkedans

Særskilte satsingar	For å oppnå dette skal FolkOrg...
Arbeide for at folkemusikk og folkedans er tilgjengeleg og i bruk.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Stø opp om arbeidet med å få på plass eit nytt fagsystem og digitalt publiseringsverktøy for folkemusikkarkiva.</li> <li>• Støtte opp om arbeidet med å få oppdaterte læreverk innan folkemusikk og folkedans.</li> <li>• Arbeide for enda meir folkemusikk og folkedans i barnehagar, skulen og kulturskulane.</li> <li>• Arbeide for at folkemusikk og folkedans har ein sjølvstendig plass i NRK og andre mediehus.</li> </ul>
Vere pådrivar for meir eksport av norsk folkemusikk og folkedans.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Samarbeide med Music Norway og UD om ulike prosjekt og satsingar.</li> <li>• Vere ein aktør i nordiske og europeiske nettverk innan folkemusikk og folkedans.</li> <li>• Følgje opp og kome med innspel til UD og Utanriks- og forsvarskomiteen, og stø opp om Music Norway.</li> </ul>
Arbeide for gode og stabile institusjonar, regionale strukturar og ordningar innanfor folkemusikk- og folkedansfeltet.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeide for etablering av fleire regionale folkemusikksenter og sikker finansiering av desse.</li> <li>• Stø opp om arbeid for ei landsline i folkedans på vidaregåande nivå.</li> <li>• Stø opp om arbeidet med vidareutvikling av universitet- og høgskulestudium i folkemusikk og folkedans.</li> </ul>
Arbeide for gode rammevilkår for yrkesaktive tradisjonsutøvarar innan folkemusikk og folkedans.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeide for at bruk av tradisjonsmusikk skal gje betre vederlag frå TONO, og samstundes arbeide for andre godtgjersleordningar til aktive tradisjonsutøvarar.</li> <li>• Stø opp om NODA sitt arbeid med å styrke rettighetshavarar innan dans og koreografi, og deira rett til rimeleg betaling for åndsverk.</li> </ul>



Det var mange trommedeltakarar på årets Landskappleik. Her ein trommekvartett i klassa Grupperespel.



Styremedlem Tormod Kleiveland overleverer FolkOrgs innspel om NOUen *Musikklandet* til statssekretær Trude Storheim.



Kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery i samdans med Torkjel Børsheim under opninga av Landskappleiken.

# Vedlegg - Årsmelding 2025

## Vinnarar på Landskappleiken

### Vokal

A: Martin Steinum Brun, Vågå Spel- og Dansarlag  
B: Randi Øverbø Hove, Falkeriset Folkemusikklag  
C: Elida MArle Gudheim, Øystre Slidre Spel- og dansarlag  
D: Johanna Fuglesteg, Vestre Slidre Folkemusikk og Danselag

### Durspel

Junior: Vegard Kvestad, Osterøy Spel- og dansarlag  
Senior: Siri Nordgård, Voss Spelemannslag, Strengjarhaugen spelemannslag

### Spel hardingfele

A: Helga Myhr, Ål spel- og dansarlag  
B: Syver Rolandsgard Hauge, Vestre Slidre Folkemusikk og Danselag  
C: Ingrid Sofie Midtbø-Bruner, Osterøy Spel- og Dansarlag, Spelemannslaget i Bergen UL Ervingen  
D: Arne M. Sølvsberg, Spelemannslaget Fjelljom

### Spel fele

A: Aslak O. Brimi, Gudbrandsdølenes Spelemannslag  
B: Hannah Moira Midtbø-Bruner, Osterøy Spel- og Dansarlag  
C: Ingrid Sofie Midtbø-Bruner, Osterøy Spel- og dansarlag, Spelemannslaget i Bergen UL Ervingen  
D: Arne M. Sølvsberg, Spelemannslaget Fjelljom

### Dans hardingfele

A: Hege S. Johnrud, Sigbjørn Rua, Småjondølenes dansarlag  
